

Sidan rapportane også går ut på NVE sin Twitter-konto, så har vi utan nokon som helst ekstrainsats ein fin flyt av nynorskkvitter.

Les Hanne Bakke
og Håvard Hamnaberg på
kommentarclass s.2

NR 3 • 2013 • ÅRGANG 12 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Nynorsk i kvardagen

Korleis er det eigentleg å jobbe i ein kommune som bruker ei anna målform enn di eiga?

s. 8-9

For mobilen

Som første bankallianse lanserer Eika no mobilbank på nynorsk.

s. 11

Klart for Klarspråk

Styresmaktene har alt å vinne på å uttrykke seg klart og begripeleg, seier leiarane for prosjektet Klarspråk.

s. 15

Heradsstyraren



Foto: Toyni Tobekk

Solfrid Borge frå Ullensvang har eit svært personleg forhold til språket.

• Sjå s. 12-13

Friskt i byen



Foto: Toyni Tobekk

Eigedomsskatt set sinna i kok – også i Sauda.

• Sjå s. 18-20

Teater

Det høyrest ikkje særleg sexy ut å vere lektor lenger.

Les Terje Lyngstad s. 21

Språkåret

Eg undrar meg på om nynorskhatarar hiv nynorskbrukarar ut or senga når det går opp for dei kva målform vedkomande skriv.

Les Yvonne Algrøy s. 10



Foto: Toyni Tobekk

Prisar Vossa Jazz

– I den gamle slageren *Ola var fra Sandefjord* heiter det *det gikk på engelsk og norsk...* Hjø Vossa Jazz har det alltid gått på engelsk og nynorsk.

Slik heiter det i grunngevinga for at Vossa Jazz har fått LNK sin pris for god offentlig målbruk. Vossa Jazz har alltid brukt nynorsk, og det er ikkje noko ein har bestemt

seg for å gjere. – Det er berre heilt naturleg, seier Kari Trana som fekk prisen utdelt av Kari Traa. Målprisen vart delt ut på Landstinget 2013 på Voss, eit landsting der det var rom for eit lite tilbakeblikk på dei 20 åra som har gått, men sterkast blikk på dei utfordringane språket står overfor i samtida.

Side 3, 5, 6 og 7

LEIAR

Klart språk

No kjem klarspråksprosjektet til kommunar og fylkeskommunar. Kommunane skal no nytte godt av erfaringane frå arbeidet med å få tilsette i staten til å skrive eit godt, konsist og lett forståeleg språk. Så bra – det vil mange ha glede av.

Det er fagforumet for informasjons- og kommunikasjonsarbeid i kommunar og fylkeskommunar, Kommunik, som saman med Forum for offentlig service og KS har sett i gang klarspråksprosjektet i kommunane. Meininga er at ein skal få i gang nokre pilotkommunar allereie frå hausten av.

Målet er eit enklare språk som når fleire av innbyggjarane.

I denne avisa møter me saksbehandlarar i nynorsk kommunar som kom til jobben med bokmålsbakgrunn, og som har lært seg nynorsk på nytt. Dei legg ikkje skjul på at det må god opplæring og oppfølging til for at overgangen skal bli så lett som mogleg.

– **Kurs, kurs og kurs**, seier økonomisjef i Os kommune, Ingrid Karin Kaalaas, på spørsmålet om kva som må til for at bokmålskrivande skal bli skriveføre tilsette i nynorsk kommunar. Sjølv kom ho frå bokmålsbyen Bergen til nynorsk kommunen Os for 21 år sidan. Ho meiner det er endå vanskelegare å gjere språkbyttet i dag enn det var då. No er det fleire val i språket, og det gjer det i alle fall ikkje enklare, meiner Kaalaas.

Kanskje vil eit klarspråksprosjekt, som tek mål av seg å gje publikum eit enklare og meir brukartilpassa språk, også gje bokmålskrivande saksbehandlarar ein enklare overgang når dei skal arbeide i ein nynorsk kommune.

Kanskje kan det også gje fleire søkjarar til jobbane i nynorsk kommunar?

Vatn, energi og målbruk

Det er mykje målbruk i offentlig teneste, men dette skal ikkje vere eit åtak på New Public Management. Me vil heller seie noko om korleis me jobbar med å vere målmedvitne og lovlidige etter mållova.

NVE driv ikkje fyrst og fremst med nynorsk, det er vatn og energi som er vårt arbeidsfelt. Likevel er me som forvaltar av vassdraga og energisystemet vårt merksame på at nynorsk er eit godt byråkratspråk.

Ein etat som NVE står i dagleg språkleg samhandling med media nasjonalt og lokalt, noko som krev at vi heile tida utfordrar det faglege stammespråket og skriv så klart som råd. Me meiner nynorsk er eit godt språk å skrive klart på.

Ikkje ofte, men av og til, seier me: Lik det eller ikkje – slik er lova. Det gjorde vi i tilknytning til mållova. 25 prosent, folkens!

For sju år sidan såg vi at auken i talet på søknadar om løyve til småkraft ikkje kom til å minke med det første, og at småkrafta i stor grad er nynorsk. Sidan vi vel å sende pressemelding ved alle løyver eller avslag, innførte vi at dei konsekvent skulle skrivast på nynorsk. Litt trøblete i starten, men no sju år etter – heilt knirkefritt.

Energiproduksjon og lineføring krev areal, og store delar av arealet i Noreg er nynorskland. Vi held ofte folkemøte i nynorsk kommunar der utbygginga potensielt skal finne stad. Etter nokre glipp og klagar frå observante lokalavislesarar har vi no fått inn i kvalitetshandbøkene våre at ein ALLTID sjekkar målvedtaket i kvar einiskild kommune før ein annonserer folkemøte i lokalpressa.

Kvar veke i snøsesongen gjev vi ut ein rapport om snøtilhøva i landet. Her har vi ikkje gjeve sentrale føringar om målform, men medvitne medarbeidarar har funne ei veksling mellom målformene som fungerer.

Eit anna tiltak har vore å få på plass ei rutine der årvisse publikasjonar som årsmeldingar m.m. kjem ut kvart fjerde år på nynorsk. I tillegg har vi gjort det klart at ansvaret for å etterleve krava mållova set, ligg i linja, ikkje hjå ein einiskild sakshandsamar i kommunikasjonsstaben. Skulle det hende seg at vi får ei klage på målbruken vår frå Språkrådet eller privatpersonar, vert ho alltid ekspedert vidare i organisasjonen til ansvarleg seksjonsleiar. Vår erfaring er at læringseffekten på den måten er større, og me ser at dess betre rutinar seksjonane har, dess færre klager får vi. Eit tredje måltiltak er å integrere etterleving av mållova i NVE sitt sett med indikatorar/måltal, som vert gjennomgått av direktørgruppa kvar 2. måned. På den måten har vi høve til å korrigere om vi kjem skeivt ut. Etter at denne indikatoren hadde levd eitt års tid, vart han i tillegg døypt om frå nynorskprosent til etterleving av mållova.

Kvar onsdag gjev vi ut kraftsituasjonsrapporten vår. I tillegg gjev vi ut ein større analyse av kraftsituasjonen kvart kvartal.. Onsdag kl. 13 er òg klokkeslettet då vi gjev ut statistikk for kor mykje vatn det er i vassmagasina våre rundt i heile landet.

I fleire år no har alle desse rapportane vorte gjevne ut på



Hanne Bakke
seksjonsjef,
seniorrådgjevar NVE
Håvard Hannberg
Fungerende seksjonsjef
NVE

Foto: Hilde Harket

nynorsk. Og då Språkrådet for ei tid tilbake påpeika at vi kanskje skulle prøve å få ned nynorskdelene på dei periodiske publikasjonane, sa våre normalt stilfarne analytikarar: – Nei. Vi vil halde fram på nynorsk. Vi har funne ein mal som funkar, så kvifor endre på det? Ganske godt spørsmål, egentlig. Dette er noko av det som er mest lese på nettstaden vår, og blir mykje referert til i pressa. Difor held vi fram med nynorskonsdag på Nve.no.

Det er med andre ord mykje rutinar og lovfokus som ligg bak NVE sitt arbeid med målbruken. Det kan verke humørløst og strengt, men for oss har det vore viktig å få klare køyrereglar som lettar skrivinga og senkar terskelen for å kommunisere på begge målformer. Sidan rapportane også går ut på NVE sin Twitter-konto, så har vi utan nokon som helst ekstrainsats ein fin flyt av nynorskkvitter.

Ein stor del av tekstproduksjonen hjå oss har fleire forfattarar. Slike rapportar er nesten alltid på bokmål. Dersom den fyrste som skriv på prosjektet, har bokmål som hovudmål, vil rapporten verte skriven på bokmål, med mindre noko anna er avgjort.

Det er ein tendens til at forfattarar som har nynorsk som hovudmål, også legg opp til at større rapportar skal vere på bokmål, for å lette samhandlinga med kollegaar. Dersom ein skal gjere noko med dette, må ein på førehand avgjere kva målform eit arbeid skal gjerast på. Akkurat på dette punktet ser me at NVE har litt å gå på.


For oss verkar nynorsken som ei positiv kraft for klart språk. Nynorsken til fjord- og fjellstammene i Noreg er motstandsdyktig mot stammespråket frå Brussel, Blindern og Bygg-instituttet på Gløshaugen i Trondheim, og krev klårare tale.

Dei tunge faga har lange og innflette substantiv. Når ein skal skrive seg inn i eitt av desse faga på nynorsk, lyt ein skrive om til aktive setningar, noko som krev at ein er sikker på at ein har forstått bodskapen.

Me arbeider rett nok lite med bioenergi i NVE, men me arbeider systematisk og byråkratisk for at me ikkje skal gå oss ville i nynorskskogen.

Landstinget 2013:

Historisk leiarsamling



FIRKLØVER: Jan Magne Dahle, Nils Taklo, Astrid Myran Aarvik og Solfrid Borge har alle vore med og forma organisasjonen gjennom verva sine.

Foto: Toyni Tobekk

LNK fyller 20 år i år, og sjølv om det ikkje var noka stor sak på landstinget, passa det godt å setje pris på tidlegare og noverande leiara.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Nils Taklo frå Ørsta vart vald til den første leiaren av LNK i 1993. Jan Magne Dahle, også han frå Ørsta, tok over i 2005, den gongen landstinget vart halde på Rauland, og han er den styreleiaren som har sete lengst. Dahle gjekk av som leiar

og ut av styret i 2011, men har hatt ei rolle som språkconsulent i organisasjonen sidan 2008.

Astrid Myran Aarvik, opphavleg frå Vinje, men den gongen busett i Hetlevik på Askøy, har vore leiar sidan landstinget på Sand i Suldal i 2011. Ho vart no avløyst av Solfrid Borge frå Ullensvang i Hardanger.

Borge ny leiar i LNK

Ullensvang-ordførar Solfrid Borge er vald til ny leiar av Landssamanslutninga av nynorsk kommunar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Den nye styreleiaren meiner LNK har ei viktig rolle som haldningsskapar og pådrivar for at kommunane skal vere stolte av språket sitt, men at kommunane samstundes må bli meir medvitne nynorskbrukarar i framtida.

LEIARANSVAR

– Kommunane som barnehage- og skuleeigarar må vere klare over den rolla dei har, og vi meiner kommunane styrkar identiteten sin gjennom å bruke nynorsk i alt og eitt.

Å skape medvitne haldningar til språket er først og fremst eit leiarsvar i kommunane, meiner Borge, som



LEIAR: Solfrid Borge har vore med i styret i LNK i åtte år.
Foto: Toyni Tobekk

er sikker på at LNK vil spele ei like viktig rolle hjå nynorsk kommunane i framtida som dei har gjort i dei 20 åra som er gått sidan organisasjonen kom til.

LANG FARTSTID

Solfrid Borge har sete i styret til LNK sidan 2007 og tek no fatt på sitt første år som styreleiar. Borge er ordførar for Senterpartiet i Ullensvang herad. Ho har også vore leiar for

Prøv

DAG OG TID

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG OG TID

-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



Nytt frå landsmøteland

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

April er landsmøtesesong. På ei veka rakk eg over ikkje mindre enn tre landsting i tre viktige organisasjonar.

I Ørsta feira Noregs Mållag at dei har fått fleire tusen nye medlemmer sidan i fjor, og takka Kristin Halvorsen og Utdanningsdirektoratet for dette. Ved gjestebordet sat eg saman med Vigdis Finnbogadottir. Ho er for tida «goodwillambassadør» for Unesco, fødd i 1930 og skulle nå endå fleire landsmøte enn eg den veka.

Andre dagen sat eg saman med Marie Lovise Widnes. Ho er også 83 år og attpåtil æresmedlem i Mållaget. Då eg kom til å nemna for henne at eg har fleire av songane hennar på 78-plater – slike gamle steinkaker, de veit –, svarte ho at det var vel og bra, men at det er digitale media som gjeld i våre dagar, og at eg heller burde gå på Spotify og høyra henne der. Så det så.

Ottar Grepstad heldt ein sær god tale om «den språkpolitiske vendinga».

På Voss markerte LNK at dei vanskelege tenåra er over; i år er det 20 år sidan organisasjonen vart skipa. Landstinget skulle vera ein statusrapport om korleis det står til med nynorsken i Språkåret 2013.

Mange kloke ord vart sagde, men det viktigaste kom kanskje fram i debatten om «Norsk språk – etter Språkåret». Då åtvara Jan Olav Fretland mot å grava seg ned i språkfaglege detaljar når den verkelege språkkampen i dag står om den skriftlege opplæringa skal halda fram eller ikkje. Ingen var i tvil om kva han meinte.

Det var heller ikkje tvil om kva Iril Schau Johansen frå Voss og Hordaland Høgre meinte. For debattleiaren rakk å stilla kritiske spørsmål, tok ho eit knallhardt oppgjær med språkpolitikken i sitt eige parti. Ord som opportu-

nisme og populisme var ikkje langt vekke. Schou Johansen argumenterte friskt for språksynet sitt og hadde ei ideologisk tilnærming til den norske språkstoda. Lat oss håpa at resten av partiet høyrrer på henne.

Ottar Grepstad heldt ein glimrande tale om «Nynorsk – eit stort språk i verda og eit lite i norske kommunar».

Nynorsk er eit stort språk i norske lokalaviser. Siste helga i april var lokalavisene samla til landsmøte i Svolvær. Heile 270 representantar for desse utruleg viktige språkproducentane hadde funne vegen til Lofoten. I år hadde LLA lagt stor vekt på å synleggjera det språkdelte samfunnet vårt. Arve Sandal, frå nystarta Nynorsk Avisssenter i Førde, snakka varmt og engasjert om prosjektet sitt, medan Ottar Grepstad heldt ein sær god tale om «Lokalavisene i eit språkdelte samfunn».

Soulsongaren James Brown vart i si tid kalla «The Hardest Working Man in Show Business». Lesaroppgåva denne gongen vart å finna eit høveleg tilnamn til Ottar Grepstad ...

Då åtvara Jan Olav Fretland mot å grava seg ned i språkfaglege detaljar når den verkelege språkkampen i dag står om den skriftlege opplæringa skal halda fram eller ikkje.

Vil ha eigen språksjef

NRK lyser no etter eigen språksjef som skal vere med og halde NRK oppe som normdannar for det norske språket.

Det skal i tillegg opprettast eit nytt språkstyre i organisasjonen. Programsjef Per Arne Kalbakk, som skal leie det nye språkstyret, seier til Aftenposten at ein med dette ønskjer å tydeleggjere at språk er eit redaktøransvar i NRK.

Den nyoppretta stillinga som språksjef skal erstatte tidlegare ordningar der NRK har brukt språkkonsulentar frå høgskulane og universiteta. Ordninga med eksterne konsulentar vart for distansert, no vil ein få språkarbeidet nærmare det daglege virket, seier Kalbakk.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK KORTET 2011-2013

Best Western HOTELL HORDALEN
Best Western HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Landstinget 2013:

Målpris til Vossa Jazz



VINNARAR: Kari Traa delte ut målprisen til marknadsansvarleg Kari Trana i Vossa Jazz.

Foto: Toyni Tobekk

Vossa Jazz er vinnar av LNK sin pris for offentleg målbruk.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Utruleg kjekt. Nynorsk er viktig for oss, og vi er stolte av språket vårt, sa Kari Trana, som tok imot prisen på vegner av Vossa Jazz på landstinget til LNK i grunnjevinga for tildelinga seier juryen:

– Hjå Vossa Jazz har det alltid gått på engelsk og nynorsk. I pressemeldingar, programmtalar, kontakt med det offentlege og internt har det alltid gått på nynorsk. I den hippe, urbane kunstforma jazz har Vossa Jazz gjort nynorsken naturleg. Gjennom eit alternativt vokabular og

seiemåtar har Vossa Jazz greidd å verbalisera felles opplevingar slik at det kjennest naturleg og rett både for nynorsk- og bokmålsbrukarar. Eit godt døme kan vera at Vossa Jazz sin konsekvente bruk av nynorsk har ført til at mange bokmålsbrukarar i dag nyttar termen tingingsverk.

SÆRMERKT

Vossa Jazz fyller 40 år i år, og juryen meiner festivalen står fram i den internasjonale festivalfloraen med ein sterk og særmerkt identitet. Nynorsken er ein sentral del av denne identiteten.

Trana, som er marknadsansvarleg og ein av to tilsette i Vossa Jazz, seier dei bruker nynorsk som den største sjølvfølge.

– Etter kva eg har greidd å finne ut, er det ikkje felt ned

i vedtektene våre eller skrive nokon plass at vi skal bruke nynorsk. For oss er det berre heilt naturleg.

PRIS I 20 ÅR

Pris for god offentleg målbruk blir delt ut annakvart år til ei offentleg verksemd som arbeider med å fremje nynorsk, eller til ein skildpersonar som er merkerte nynorskbrukarar i det offentlege rommet. Det er styret i LNK som er jury, og prisen er på 50 000 kroner og eit trykk av Ludvig Eikaas.

Prisen vart første gong delt ut i 1993, og han har tidlegare gått til Ullensvang herad, Vågø reiselivslag, Fylkesmannen i Rogaland, Odd Nordstoga, Lotteritilsynet, Peer Gynt-spelet, Hordaland Teater og Sogndal fotball.

Folk på landstinget

Landstinget vart arrangert annakvart år og er ein møteplass for medlemene til LNK. Årsmøtet til LNK vart halde under landstinget. Vi stilte følgjande spørsmål til fire deltakarar på landstinget i år: Kva rolle spelar LNK og landstinget for deg og kommunen din?

Silje Namtvedt, folkevald (Sp), Radøy

– Eg er frå eit område i Nordhordland kor nynorsken er under press, og kor ikkje alle vil seie at språksaka er viktig. Vi har vedteke ein målbruksplan, og administrasjonen i kommunen er veldig tru mot han. Likevel vil eg seie at for oss ville det vore eit løft til dømes å få besøk av LNK.



Foto: Toyni Tobekk

Siri Klokkerstuen, varaordfører (Ap), Etne

– Me er stolte av å vere ein nynorsk kommune, og vi treng ein slik felles arena som landstinget er for oss. – Noko av det eg har fått med meg frå dette landstinget, er det som vart sagt om tospråklegheit, om kor viktig det er for språket, og korleis det fører til betre meistring. Tospråklegheit er ein yrkeskompetanse.



Foto: Toyni Tobekk

Aud Groven, organisasjonssjef, Vinje

– Det er viktig at nokon snakkar nynorsken si sak og jobbar for språket. Vi treng at nokon minner oss på å vere meir språkbevisste, og det er LNK som er ansvarlege for at vi fekk målbruksplan i Vinje.



Foto: Toyni Tobekk

Harald Kjosås, folkevald (KrF), Kvam

– LNK er med og gjer kommunen medviten om språket gjennom målretta arbeid for nynorsken og gjennom inspirasjonen som landstinga gjev. Det er viktig at LNK er tydelege og kan prioritere tid ute blant medlemskommunane med ordførarar, rådmenn, sakshandsamarar og oss politikarar.



Foto: Toyni Tobekk



Landsamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Solfred Borge, styreleiar
Gunnar Strøm, nestleiar
Rune Øygard
Astrid Myran Aarvik
Halvor Lilleslett.

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Liv Kari Eskeland
Kari Vaage Gjuvsland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Landstinget 2013:

Sagt på landstinget:

– Den store diskusjonen i framlegget til ny læreplan går mellom partia som seier at vi skal ha obligatorisk eksamen i side-mål, og dei som ikkje seier det. Det er der diskusjonen bør gå, det er det som er det grunnleggjande. Dette er me midt oppe i no.

Jan Olav Fretland, førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

– I Austevoll tek vi ikkje eit nei som eit avslag, men heller som ei mellombels orientering.

Hallvard Møgster, Austevoll kommune

– Andre kopierer oss. Det tek vi som ein kompliment.

Trine Lerum Hjelldal, Lerum fabrikk

– Det er fylkeskommunen og vidaregåande skule som har ansvaret for at det skal vere nynorske læremiddel, ikkje forlaga. Lovkrava er til skulen, men dei bryr seg ikkje.

Arnstein Bjørke, dagleg leiar i Fagbokforlaget

– I Skigutane er ein marknads- kar eller marknadssjente. Dei går ikkje på kompromiss med identiteten sin. Det vitnar om språkleg sjølvtrillit.

Hans Erik Ringkjøb, ordfører i Voss,

– Bokmålsitteraturen må positivt diskriminerast i skulebiblioteka i nynorskkommunar.

Ragnfrid Trohaug, forlagsredaktør i Samlaget

– Størstedelen av mediestøtta går til medium som tenkjer så smått at dei anten har nynorskforbod eller svært lite på nynorsk.

Svein Olav Langåker, Framtida.no

Ber kommunane hevde retten sin



– Eg vil på vegner av Kulturdepartementet oppmode alle kommunar om å klage til oss når mållova blir brote.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det var ei av utfordringane statssekretær Kjersti Stenseng i kulturdepartementet gav til kommunane under opninga av landstinget til LNK.

Statssekretær Kjersti Stenseng meiner ansvaret for å reise språkpolitiske spørsmål ligg både hjå staten og hjå den einskilde. Foto: Toyni Tobekk

Eit godt fungerande lovverk er avgjerande for at nynorsken skal stå støtt i framtida, men undersøkingar har vist at den offentlege forvaltninga syndar mot lovverket, mellom anna ved å la vere å kommunisere med kommunane på den målforma kommunen brukar.

Departementet jobbar med haldningsendringar og med å gjere det tydeleg at dette er eit leiaransvar, sa ho vidare.

NY LOV

Samstundes viste Stenseng til arbeidet som Kulturdepartementet no gjer i samband med ei ny språklov, og til regjeringa sitt arbeid med å fornye kulturløftet. Den nye språklova slår fast at norsk er nasjonalt hovudspråk i Noreg.

– Det er ingen planar om å gå vekk frå jamstillingsprinsippet i denne lova. Vi skal sikre statusen og bruksfeltet til nynorsken, ikkje svekke dei, lova Stenseng.

INGA KAMPSAK

Det er valår i år, men Stenseng er ikkje sikker på om språk og målsak blir ei stor sak i valkampen. I alle fall ikkje med mindre kommunane og folket gjer ho til det.

– Språkpolitikk er ein del av kulturpolitikken, og det å følgje opp til dømes mållova er eit leiaransvar i staten.

Men igjen påpeika Stenseng kor viktig det er at kommunane også kjem på bana og reiser språkspørsmål sjølve.

Eit forum som til dømes landstinget har engasjement og høve til å skape debatt, konstaterte ho.

– Og Språkåret er eit gyldent høve til å gjere nettopp dette.

– Det at NRK har opna for dialekt, kan på sikt øydelegge for nynorsken. Viss ein ikkje lenger høyrer normert nynorsk i NRK, kor skal ein då høyre det?

Noralv Pedersen, journalist, NRK

– Vi treng tøffe, unge, oppegående journalistar som seier: – Sjå kor flink eg er. Du skal få meg, men eg vil skrive nynorsk.

Hilde Sandvik, debatt- og kulturredaktør i Bergens Tidende

– Brot på mållova er eit leiaransvar. Utan eit godt fungerande lovverk står nynorsken svakare i framtida.

Kjersti Stenseng, statssekretær i Kulturdepartementet

– Sats på ungdommane

– Kommunane har på landsting etter landsting peika på kor viktig det er at LNK arbeider med nynorsktilbod til barn og unge. seier Astrid Myran Aarvik.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



SATSAR PÅ UNGE: Avtroppande leiar i LNK, Astrid Myran Aarvik, trur ein kan sikre mykje av den språklege utviklinga ved å satse på ungdommane. Foto: Lene Kristin Moe

I leiartalen under landstinget på Voss peikar avtroppande leiar Aarvik på kor viktig barn og unge er for den språklege utviklinga.

– Fleire er opptekne av kva status nynorsk har hjå barn og unge i dag, ikkje utan grunn. Mange byter språkform medan dei går på vidaregåande skule, nokre av di dei kjenner presset frå majoritetsspråket, andre av taktiske grunnar. Dialektane utviklar seg heile tida, og mest utan unntak er endringane påverka av dialekta i den næraste storbyen og i hovudstaden, seier Aarvik.

– For LNK-kommunane har dette ført til at det i somme høve, særleg i kommunar nær storbyar, har blitt vanskeleg å rekruttere nynorsksbrukande saksbehandlarar. Dette fører med seg større trong for språkoplæring, og LNK sine kurstilbod har aldri vore så populære som i dag.

STERK NYNORSKTRU

Ho viser også til at folkeveksten i dag er størst i kommunar der bokmål tradisjonelt har stått sterkt, og at denne tendensen har vore tydeleg i mange år.

om og forståing for samspelet mellom nynorsk og bokmål, slår Aarvik fast.

I ENDRING

Nynorskkommunane har slutta opp om LNK sidan starten i 1993. Alt etter eit par år med drift hadde organisasjonen over 90 medlemmer, og dette har vore stabile medlemmer. I jubileumsåret har LNK 124 medlemmer, 108 av desse er kommunar og fylkeskommunar.

Ho er ikkje i tvil om at LNK har funne sin plass, men at det likevel ikkje betyr at organisasjonen kan kvile på laurbær og gamle tradisjonar.

– Samfunnet er i endring heile tida. Det er viktig for ein organisasjon som LNK å forstå desse endringane og så lage ein politikk, eit handlingsprogram, som møter nye utfordringar på ein offensiv måte, seier ho og trekker fram kurset På saklista og LNK sine egne informasjonskanalar som gode verktyg. I tillegg kjem utviklinga av nettstadar som Framtida.no, Magasinett.no og Prion.no og ikkje minst alle støttespearane LNK har.

– Eg trur kommunar, fylkeskommunar, offentlege foretak og organisasjonar har behov for å tenkje over kva signal dei gjev til omverda, signal om kven dei er, kor dei kjem frå, og korleis dei ønskjer å bli oppfatta av omverda. Med eit fint ord vert dette kalla omdømmebygging, og den viktigaste reiskapen i omdømmebygginga er nettopp språket. Dette kan LNK hjelpe kommunane med. Eg trur ikkje LNK vert arbeids-lause dei neste 20 åra heller.

Frå sidemål til bonusmål

Den store polariseringa vart det ikkje under paneldebatten om språket etter språkåret, og semja var større enn kontroversane.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Men eit nytt omgrep vart i alle fall fødd, til glede for dei framfotte.

Det var Irlil Schau Johansen, medlem i Hordaland fylkesting for Høgre, som tok til orde for å finne eit nytt omgrep for sidemål, som ho meinte var eit negativt lada ord.

– Kall det gjerne heller plussmål, bonusmål eller noko anna, meir positivt, var hennar forslag.

Bonusmål såg ut til å falle i smak hjå dei fleste, og ordet vart teke i bruk både av Schau Johansen og meddebattantane.

Schau Johansen måtte elles skuffe dei framfotte som håpa å finne ein høgrepolitikk dei kunne ta for språkpolitikken deira.

– Det ein i Høgre meiner om sidemål, er ikkje først og fremst ideologisk motivert, men meir geografisk motivert med tanke på i kva område partiet har flest medlemmer, forklara ho og gav til kjenne eit positivt syn på nynorsk som så vel målform som bonusmål.

ETTERLYSTE FAGSPRÅK

Berre roser og semje var det sjølv sagt ikkje, og debattantane hadde ulike tilnærmingar

til kva som må til for at nynorsken skal vere eit levande brukspråk også etter språkåret. Venstrepolitikkar Asta Årøen var særskild oppteken av at så mange studentar byter målform når



PANELET: Frå venstre Asta Årøen, Øystein Hassel, Irlil Schau Johansen og Jan Olav Fretland. Foto: Toyni Tobekk

dei kjem opp på høgare studienivå eller er i starten på arbeidslivet.

– Vi tapar mange gode ambassadørar i dette bytet, meinte Årøen. Ein måte å kome dette til livs på vil vere å forsterke innsatsen innan fagspråkutvikling, slik at nynorsk blir eit

språk som kan brukast også innfor fagfelta, hevda ho.

– Vi må byggje opp ein god terminologi som fungerer innfor profesjonane, var hennar råd.

TOSPRÅKLEGE BØKER

Leiar i Bergen AUF, Øystein Hassel, er ungdommen som i fjor greidd å få AUF sitt landsmøte med på å bevare karakteren i sidemål, noko som ikkje var venta på førehand. I paneldebatten på landstinget var han oppteken av at elevane må få møte nynorsk på fleire område.

– Vi må kunne ha tospråklege lærebøker i fleire fag, slik at bokmålsbrukarane møter nynorsk også utanfor norskfaget.

Han ønskte dessutan at skulane skulle revurdere litteraturutvalet sitt, og såg fram til at elevane heller fekk lese meire av Are

Kalvø og Linda Eide og mindre klassikarar. Dette fekk han støtte i av ordstyrar Jan H. Landro, tidlegare kulturredaktør i Bergens Tidende, som insisterte på at det hadde teke ti år før han orka å lese Garborg att etter å ha radbrekk

Bondestudentar i studietida, som han uttrykte det.

MÅ BYRJE TIDLIG

Den siste i panelet, førsteamanuensis Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, meinte det ikkje ville nytte å rette innsatsen mot målbyte i vidaregåande skule eller høgare utdanning.

– Du kan ikkje gjere mykje i vidaregåande. Dette handlar om korleis vi greier skape trygge nynorskmiljø og vinne nye domene, slik at ein skapar trygge nynorsksbrukarar. Nynorskundervisninga må byrje tidleg, tidlegare enn i dag, hevda han.

– Ventar du til 9. klasse, er dei i opposisjon, og då skal du jammen argumentere godt for deg.

På spørsmål om kva nye domene nynorsken kan vinne, viste Fretland til tre område som

Nynorsk forum i Sogn og Fjordane har peikt ut.

– Eit viktig poeng for oss er at nye landsmenn skal kome til det språket som er der dei kjem. På dette punktet er kommunane for dårlege.

Kommunane må derfor ha ein språkbruksplan for å minne dei tilsette om kva språkpolitikk kommunen har. Deretter peikte han på den makta ein kommune har til å stille språkkrav når dei lyser ut andod.

– Sjå for deg at det nye saksbehandlersystemet ditt kjem på bokmål. Spør du i anbodet, kostar det ikkje noko. Kjem du etterpå og bed om nynorsk, då byrjar taksameteret å gå, minte han om.

EKSAMEN ELLER IKKJE

Eit av spørsmåla som vart reiste, var sjølv sagt korleis den einskilde stilte seg til Kunnskapsdepartementet sitt framlegg til ny læreplan, og da særskild til om ein skal eller ikkje skal ha eigen eksamen i sidemål.

Åsta Årøen gav kort og tydeleg uttrykk for at Venstre står fast på ein karakter i norskfaget og eksamen i både hovudmål og sidemål.

Øystein Hassel stod også fast på standpunktet om å ha eigen eksamen i sidemål. – Eg er glad for at ein ikkje skal slå alt saman til eitt. Eg trur det er viktig å dokumentere kompetansen sin, og det er viktig for nynorskkommunane at dei kan sjå om ein søkjar er kompetent i sidemålet eller ikkje.

Det siste var Irlil Schau Johansen samd i: – Det bør gå fram av vitnemålet kva du kan i bae målformene. Det bør vere karakter i bae målformer, og elevane bør prøvast i bae.

Samstundes tok ho til orde for at det bør vere unntak. – Det er ikkje alle elevar som er teoristerke. Det viktigaste er at ein lærer å kommunisere, og i somme tilfelle meiner eg ein kan klare seg med ei målform.

Jan Olav Fretland meinte den store kampsaka ikkje var ein eller to karakterar.

– Det aller viktigaste er kampen om obligatorisk opplæring i og eksamen i skriftleg sidemål.

Viktig med god opplæring

Du har bokmålsbakgrunn og har søkt jobb som saksbehandlar i ein nynorsk kommune. Kva treng du for å få eit greit språkskifte?

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Eg møter jamt over kommunar som har ei vaken haldning til språkføring, og dei tilsette som deltek på kursa mine, er også medvetne når det gjeld dette. Den største utfordringa er kanskje å få med så mange som mogeleg av dei tilsette i kommunen som målfører seg skriftleg, på kurset. Eit opplegg for repetisjonskurs kunne nok også gjort seg, seier Mathias Øvsteng, som er ein av kursdeltakarane i LNK-opplegget På saklista.

LNK tilbyr dette kurset, som er utarbeidd av høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Jan Olav Fretland, til alle medlemskommunane sine.

– Kva bør kommunane gjere for at saksbehandlarar med bokmålsbakgrunn skal bli trygge på nynorsk?

– Halde kurs! Etter mi røynsle er lettskriving, ikkje rettskriving, ein metode som verkar bra. Det handlar om å få sagt det du skal seie, enkelt og greit utan fyllkalk og staffasje. Du skal med andre ord gløyme formuleringar og tenkje innhald. Det finst mange døme på at omforming frå bokmål til ledig, enkel og presis nynorsk fungerer godt, tykkjer eg.




PRIS: Magnhild Meltveit Kleppa delte ut prisen Årets nynorsk kommune 2009 til Stord og Hege Myklebust. Håvard Pedersen er opphavleg bokmålsbrukar og jobbar i dag i nynorskkommunen Stord. Han er godt nøgd med opplæringa han har fått. (Foto: Agnar Kaarbø/KRD)



NØGD: Ordfører i Vaksdal kommune, Eirik Haga (AP) er godt nøgd med at kommunen no er inne igjen som medlem i LNK. Ikkje minst med tanke på språkleg kompetanseheving.

Foto: Hordaland Ap



Det hadde vore bra dersom kommunane kunne tilby regelmessige nynorsk kurs automatisk.

Ingrid Karin Kaalaas,
Økonomisjef i Os kommune

Foto: Studio Session

Han er vidare oppteken av at dei tilsette i kommunen skal skrive eit så godt språk som mogleg.

– Me må prøve å unngå substantivsjuka og det passive språket. Vi må derfor vere medvetne når vi skriv, dersom språket skal bli godt, seier han.

Ein av kommunane som har nytta seg av kurstilbodet i LNK fleire gonger, er Os kommune. Økonomisjef i kommunen, Ingrid Karin Kaalaas, er frå Bergen og er oppvaksten med bokmål. Då ho fekk jobb i Os kommune i 1992, fekk ho sitt første møte med nynorsk som arbeidsspråk.

– Overgangen gjekk for så vidt greit, språk fell lett for meg. I tillegg hadde eg ei dyktig kontordame som hjelpte meg mykje, seier Kaalaas om starten på nynorsk karrieren.

Hennar beste tips for at tilsette i nynorskkommunane skal få ein god nynorskstart, er kurs, kurs og kurs.

– DET HADDE VORE BRA dersom kommunane kunne tilby regelmessige nynorsk kurs automatisk. Ofte kan det gå for lang tid mellom kursa, aller helst burde ein få det tilbodet ein eller to gonger i året, seier ho. Kaalaas meiner ei av dei største utfordringane for dei som har bokmålsbakgrunn, er å få til eit godt nynorsk språk med flyt i.

– Skal ein klare det, kan ein ikkje berre bruke eit retteprogram når ein skriv. Ein må også forstå korleis språket er bygd opp. Det er først når ein forstår det, at ein kan få til eit naturleg og godt språk, slår økonomisjefen fast.

Ho trur mange av dei som søker jobb i nynorskkommunane, har ei sperre mot å skrive sidemål og meiner dei som ynskjer det, må få rettleiing viss dei klare å skrive eit godt og flytande språk.

– Me er ein nynorskkommune, og då skal all kommunikasjon gå ut på nynorsk. Difor er språket så viktig, slår Kaalaas fast.

– Kva er største forskjellen på dei 21 åra sidan du byrja å jobbe i ein nynorskkommune?

– Eg trur det er vanskelegare i dag, sidan det er fleire former som er tillatne. Eg skriv nynorsk slik eg lærte det då, og då var det færre val. Det blir ikkje enklare å skrive godt når det blir fleire språklege val.

Uansett er ikkje Kaalaas i tvil om at god opplæring er nøkkelen for å sikre nynorsk som eit godt arbeidsspråk i kommunane.

Håvard Pedersen er saksbehandlar i Stord kommune. Han er frå Hønefoss og har arbeidd på Stord i tre år. Også han fekk sitt første møte med nynorsk som arbeidsspråk då han kom til vestlandskommunen. Stord kommune har også hatt nynorsk kurs for tilsette fleire gonger.

– Eg fekk ikkje kurs då eg kom her, men eg har eit automatisk retteprogram. I tillegg er det viktig å ty til kollegaer når ein står fast, seier han.

Pedersen synest ikkje det var særers vanskeleg å gå over frå bokmål til nynorsk. Likevel ser han at mange kan slite med å få til eit godt, flytande språk.

– Det kan vere ei utfordring å få til ordstrukturen og sjølve oppbygginga i språket, vedgår han.

– Men øving gjer meister, legg han til og meiner prosessen med språkskifte ofte tek litt tid.

RÅDGJEVAR I SPRÅKRÅDET, Astrid Marie Grov, er samd med Pedersen i at ein treng god oppfølging frå kommunane.

– Opplæring er sjølvsagt viktig, ikkje minst når ein ikkje kan språket frå før, seier Grov. Ho meiner at kurs er den mest nærliggande løysinga.

– Men det er også viktig med god oppfølging undervegs, at kollegaer les tekstane dine og gir deg språklege tilbakemeldingar, legg ho til.

Ho viser også til Språkrådet sitt nett kurs i nynorsk, som er tilgjengeleg på nettsidene deira.

– Det kan vere ein god plass å byrje, meiner Grov.

DIREKTE UT TIL EI ENGASJERT MÅLGRUPPE!

Prøv ei annonse i LNK-avisa og få gratis nettannonse på LNK.no i ein måned!*



Avisa blir distribuert til folkevalde og administrativt tilsette i medlemskommunar og fylkeskommunar, og til stortingspolitikarar, skular og bibliotek.

Konkurransedyktige prisar og gunstige årsavtaler.

Kontakt annonsekonsulent Nina Østebø,
E-post: annonse@lnk.no, tlf. 909 96 324.

* gjeld ved kjøp av kvart-, halv- eller heilsides annonse

– for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

BEST WESTERN
BONDEHEIMEN
100 år



Vi arrangerer gatefest 8. juni

språkprat: Yvonne Algrøy

Språk, sex og hat

Eg kunne aldri ligge med ein mann som skamlaust delte ord etter innfallsmetoden eller skreiv onsdag med stor bokstav. Han måtte i så fall ha synt meg prov på at han var dyslektikar. Eller liechtensteinar.

Om eg ikkje hadde sett eit einaste ord han hadde skrive, før etter vi hadde hatt oss og eg fann ein lapp på puta der det stod: «Takk får i går, det var utanom jordisk deilig» (for det må vi rekne med det var), hadde eg kjølna tvert.

Eg har berre vond vilje, er tjukk av fordommar og tydelegvis hjelpeløus i landsbygging.

DETTE ER SJØLVSAGT MITT PROBLEM. Dette er mine meningslause fordommar som eg ikkje veiks frå. Sikkert fordi eg ikkje vil vekse frå det. Eg anar ikkje kvifor det er slik. Menn med dårleg skriftspråk har ikkje skada fleire eller bygd mindre av landet enn menn med godt skriftspråk. Kanskje tvert om, kva veit eg? Eg har ikkje bygd ein drit av landet sjølv. Eg veit ikkje korleis ein gjer det. Eg har berre vond vilje, er tjukk av fordommar og tydelegvis hjelpeløus i landsbygging. Sjarmerande. Eg fortener ikkje denne mannen med lappen uansett, ser eg. Tenk, han skreiv skjønn lapp til meg etter ei dirrande heit natt. På nynorsk til og med. Og eg heiv han ut! Eg raudnar og skjemmest i fleng. Eg har sikkert gått glipp av nokre fantastiske feilstavingar i bingen med denne haldninga. Til mitt forsvar, så er det spjerande likegyldig kva målføre han ikkje meistrar. Eg er like fordomsfull mot alle, det skal eg ha.

DET ER MYKJE KJENSLE RUNDT SPRÅK. Eg er hon ikkje aleine her. Men sjølv om det handlar om identitet, må ein lure på kvifor folk vert så forbanna humørlause i språkdebatten? Alt dette hatet. Tenk å gidde å vere nynorskhatar, til dømes. Har dei ikkje eit hus å vaske? Eg undrar meg på om nynorskhatarar hiv nynorskbrukarar ut or senga når det går opp for dei kva målform vedkomande skriv. Eg trur eigentleg ikkje det. Eg trur sjølveklærte nynorskhatarar har stelt seg slik at dei lyt vere glade for det dei får. Det må vi kunne tru, all den tid det ikkje går an å hate eit språk. Det blir som å hate glade babyar og lodne hundekvelpar på ei sky av såpebobler. Faren er at om han verkeleg klarar å lande ein nynorskbrukar, kan hataren sjå på brukaren som eit eksotisk leikety. Eit leikety å vise fram på fest.

«Se på denne da, dere. Jeg fant den på byen, stakar. Det er en sjelden rase, dere. Det er nå bare rundt 13 % igjen av dem. Men dere må ikke se den inn i øynene, da tror den dere vil sloss.»

Dette er sjølvsagt worst case scenario og rein hypotese. Ein nynorskbrukar ville aldri ligge med ein nynorskhatar. Ikkje som omvendingseksperiment eingong. Til naud som feltarbeid. Ein brukar kjener att ein hatar svært raskt. Vedkomande treng ikkje seie noko særleg, dei har så mange andre påfallande særtekk. Dei har slappe handtrykk, slappe kjevar og kj-lydar (ein anar ikkje om dei kallar deg skjære eller kjære), vassent blikk, dyre klumpete bilar, dei snytt på skatten, han dårleg ande, slår, foraktar NRK2 og ligg med dyr.

EI USKULDIG FACEBOOK-SIDE eg fann, heiter «Jeg hater nynorsk». Ho hadde 36 likes og er høgst truleg starta av ein litt villfarene fjortis. Ein skal ta ungdomen alvorleg. Ein bør heller skampryle foreldra. Dette vetlehatet var altså ikkje noko å henge seg opp i. I alle fall ikkje samanlikna med vaksne storhatarar med slagkraft, indignasjon som livsmotto, høg røyst og mykje fritid. Likevel klarte eg å bli utruleg tilfredsstillt då eg på denne sida las: «Heeey heey alle nynorsk hatere». Alt heng i hop.



Foto: Privat

I høve Språkåret 2013 skriv aktuelle skribentar om språkutfordringar og -erfaringar. I denne avisa: **Yvonne Algrøy** Frilans skodespelar og skribent

Språkåret 2013 er eit sott tiltak. Kva er vel deiligare og riktigare enn å hylle det norske språkmangfaldet. Løfte alle fram, gjere alle stolte over eige målføre. Så kan alle drite i å hate. Enten dei er fjorten eller femti. Det er ikkje noko å seie på det. Det er så velmeint. Og det kjem sjølvsagt ikkje til å endre ein skit når det gjeld fordommar og hatning. Men det vert skipa til mange kjekke arrangement i samband med Språkåret, og då kjem gjerne folk seg ut meir. Det er ein god ting. Så lenge dei går heimatt med ein god ting og. Som rett nok heilt umotivert deler ord, men som dønn motivert deler seng.

Lanserer nynorsk mobilbank

Eika lanserer no mobilbank på nynorsk.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

No lanserer Eika, tidlegare Terra-alliansen, mobilbank på nynorsk.

– Det vil seie at kunden no kan velje kva målform dei ynskjer, seier informasjonsrådgjevar i Eika, Trine Hoel Winther.

Banksjef i Valle Sparebank, Vidar Homme, er ein av dei som har etterlyst nynorskversjonar av nettbank og mobilbank. Han meiner språk i nettbankane er ei sak mange bankar har vore opptekne av lenge.

– Sparebanken i Valle har alltid brukt nynorsk. Me har ein spesiell dialekt, og det er heilt naturleg



for oss å bruke nynorsk både på nettsider og i brev og anna materiell, uttalte han tidlegare til LNK-avisa.

OGSÅ NETTBANK OG HEIMESIDE

Fleire av dei om lag 80 lokalbankane som er med i nettverket, har tidlegare etterlyst nynorskversjonar av nettbank og mobilbank.

– Mange kundar har etterlyst nynorske versjonar, og me er stolte over å vere ein av dei første bankane i landet som tilbyr kundane val av målform i

STOLT: Informasjonsrådgjevar i Eika, Trine Hoel Winther, er godt nøgd med at bankalliansen no lanserer nynorsk versjon av mobilbank. I løpet av året kjem også nettbank og heimesider på nynorsk. Foto: Eika

mobilbanken. I løpet av året vil me også lansere nynorskversjon av nettbank og heimeside, lovar Winther.

DUGNADSPROSJEKT

Utviklinga av den nynorske mobilbanken har vore eit dugnadsprosjekt mellom Eika-gruppa og alliansebankane i Eika.

– Me har difor ikkje hatt dei store kostnadane, seier Trine Hoel Winther. Alliansebankane har omlag 45 000 kundar som brukar mobilbanken dagleg. Kundane i Eika brukar mobilbanken om lag 3 til 4 gonger i veka, noko som er den høgaste bruksfrekvensen for mobilbank i Noreg.

Med dette er me på veg til å etablere nynorsk også som ein del av økonomispråket, sa Homme i ei tidlegare utgåve av LNK-avisa.

– Brukar konsekvent nynorsk

Klesmerket Skogstad får Nynorsk næringslivspris for sin språklege profil i marknadsføringa.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Juryen for Nynorsk næringslivspris meiner det medvite valet Skogstad gjorde i 2011, er eit døme til etterfølgning for norsk næringsliv generelt, og for verksemdar med opphav i dei nynorske kjerneområda spesielt, seier Sveinung Rotevatn, leiar for juryen. Marknadsjef Knut Roger Nesdal i Skogstad Sport tok i mot prisen på vegner av verksemda og tykte det var stas å få prisen.

Skogstad Sport AS er eit norsk klesmerke for sports- og fritidsklode. Verksemda vart etablert i Innvik i Stryn i 1936, der dei framleis har hovudkontor. Skogstad driv sju eigne butikkar, har 37 konseptbutikkar og ein årleg omsetnad på i overkant av 100 millionar kroner. I 2012 vart verksemda kåra til den tredje beste leverandøren til sportsbransjen av bransjemagasinet Sport.

I 2011 gjekk verksemda for første gong over til å bruke nynorsk. Gjennom eit medvite skifte har alt skriftleg materiell og kommunikasjon frå verksemda – mellom anna katalog,



HEIDRA: Klesmerket Skogstad får Nynorsk næringslivspris for sin tydelege nynorskprofil. Marknadsjef Knut Roger Nesdal i Skogstad mottok prisen av juryleiar Sveinung Rotevatn. Foto: Noregs Mållag

internettside og varemerking – dei siste to åra blitt utforma i nynorsk språkdrakt. Skogstad grunnjev sjølve valet med at dei er stolte av sitt geografiske opphav, og at nynorsk som ein del av verksemda sin identitet er med på å gjere produktet eit kvalitetsstempel.

Serleg vekt legg juryen på at Skogstad konsekvent profilerer seg på nynorsk i butikkar over heile landet. Fire av verksemda sine sju butikkar ligg i bokmålsdominerte byområde som

Drammen, Moss, Lørenskog og Sandefjord, og dei mange konseptbutikkane finn ein over heile landet. Bokmål er den dominerande målforma i norske butikkyllar, og verksemdar som vel å kommunisere med forbrukarar på nynorsk, gjer difor ein viktig jobb med å etablere nynorsken som naturleg målform på fleire område i samfunnet.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

Kultur, språk og litteratur

for deg som jobbar med barn

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

Pirion.no
- kulturavis for barnehagar og skular

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

www.pirion.no

facebook/pirion

@avisapirion

LNK KORTET 2011-2013

Best Western **HOTELL HORDAHEIMEN**

Bonde **verneid**

HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatre

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Solfrid Borge er ordførar i Noregs største frukthage. I tillegg skal ho dyrka nynorsken som ny leiar i LNK.

Språkdyrkaren

Nynorsken står sterkt i Hardanger. I Ullensvang herad er det lett å snakka om nynorsk og målkamp, det er eit språk folk forstår. Det er her i Noregs største frukthage, midt mellom Folgefonna og Hardangerjøkulen, at den nye leiaren i LNK bur. Solfrid Borge brenn for språket sitt og gler seg til nye utfordringar.

– Det vert veldig spanande. Eg har vore med i styret lenge og kjenner organisasjonen godt. Eg trur det vert viktig å minna medlemskommunane om at dei treng LNK.

– Det er viktig å pleia medlemmene, og me må vera med på å styrka språkopppløringa i kommunar, stat og fylke. Me har ei oppgåve i å gjera medlemmene våre gode på språk, slår Ullensvang-ordføraren fast.

Ullensvang er ikkje eit stort herad i folketal, men derimot i areal. Med om lag 3500 innbyggjarar fordelte på 1398 kvadratkilometer er Ullensvang eit stort herad, men likevel eit der alle kjenner alle.

– Det er både fordelar og ulemper med det. Det er godt å ha god oversikt, men me kan sjølv sagt verta for små også, seier Solfrid.

Heradet ho er ordførar i, er nesten som teke ut av eit Tidemand og Gude-måleri. Her er dei majestetiske fjella, lange fjordane, blomande fruktrea og ikkje minst dei kvite snøfennene som møter heradet frå kvar sin kant. Det kan nesten verta for mykje av det gode.

– Me er rike på flott natur, og er omkransd av både fjell og fjord, men det er ikkje nok i seg sjølv. Me prøver stadig å gjera tenestetilbodet vårt enda betre. Eg meiner Ullensvang er eit godt herad å bu og veksa opp i for ungene, og at det er ein god plass å vera for dei eldre. Det opptek meg heile tida at innbyggjarane skal ha det godt.

– I eit så lite herad er ein vel ordførar heile dagen?

– Eg er ordførar uansett, ja, om eg er ute som privatperson eller på jobb. Det er på godt og vondt, det. Eg har jo opna opp for

det sjølv, har sjølv bestemt at terskelen ikkje skal vera så høg.

Det er få dagar som er like for ein ordførar. I sist veke under landstinget til LNK på Voss viste vekeplanen til Solfrid møter i både Regionalt næringsfond, Hardangerrådet, formannskapet i Ullensvang og i radonprosjektgruppa. Alt det i tillegg til tre dagar på landsting. Som ordførar er det mange forventningar ein skal innfri, og mange stadar ein bør vera synleg. Vert kvardagen for hektisk, reiser Solfrid langt inn på Hardangervidda, sommar som vinter. Då er det tid for å vera mest Solfrid og litt mindre ordførar.

Tidleg på 80-talet tok lokalpartiet i Senterpartiet kontakt for å høyra om ho ikkje kunne tenkja seg å verta politiskar.

– Eg veit ikkje om eg var politisk engasjert på den tida, eg vil vel heller kalla det samfunnsengasjert, men det er vel to sider av same sak?

Sidan har det vorte åtte år i heradsstyret, og sidan 2003 har ho sete i ordførarstolen.

– Kva med dei politiske ambisjonane?

– Nei, det får halda med å vera ordførar her, seier ho og viser indirekte til at ambisjonane utover det får ligga.

Men hjertesakene er på plass. Ho snakkar seg varm om arbeidet med å bygga ny barnehage i kommunesenteret Kinsarvik og for å få fleirbrukshallen på plass i same bygda. Også livet i heradet etter at Hardangerbrua, som skal gå frå Brimnes til Bruravik, er på plass, engasjerer Senterparti-ordføraren. I tillegg kjem språket.

– I Ullensvang har me ein målbruksplan på plass, men han må snart reviderast. Ein må fylgja med heile tida, slår ho fast.

– Og me har språklege utfordringar. Det kjem tilflyttarar som arbeider som sakshandsamarar, lærarar og i barnehagane, som ikkje er så gode i nynorsk. Me som kommune har ei viktig oppgåve i å syta for at dei vert gode nynorskbrukarar. Det er ingenting som er så flott som når kommunane klarer å gjennomføra nynorsk i alle ledd.

Solfrid meiner vidare at ein må byrja tidleg, alt i barnehagealder, dersom ein skal klara å skapa medvit om kor viktig språket er.

– Me i LNK må arbeida aktivt med dette. Me må reisa rundt og tilby kurs, både i barnehage, skule og i administrasjonar. Mange som jobbar

der ute, er einsame, me må gjera det til ei fellessak i kommunane.

Til hausten er det val, og saker som sidemål og språket i vaksenoppløringa vil verta sentrale. Solfrid har klokkekartru på at sidemålet overlever, og meiner nynorsk kommunar som tilbyr vaksenoppløring på bokmål, er ei viktig målgruppe for LNK sitt arbeid.

– Språket i vaksenoppløringa er viktig for integreringa. Mange seier dei ynskjer å ha undervisninga på bokmål fordi det er det lettaste. Men eg undrar meg mange gonger på om det verkeleg er slik for innvandrarar som kjem til nynorsk kommunar?

– Er det ikkje enklare å læra seg nynorsk når det er det ein brukar i resten av bygda?

Solfrid er fødd i Hardanger og har halde seg i Ullensvang nesten heile livet. Ho har økonomiutdanning og har ei brei arbeids erfaring. Blant anna har ho det ho sjølv kallar ein kort karriere på Hotell Ullensvang, og ho har 11 år bak seg i Hardanger Bestikk, som held til i Kinsarvik. I dag er Hardanger Bestikk den største skandinaviske produsenten av bestikk i rustfritt stål.

– Det er ei mønsterbedrift og ein hjørnestein i Ullensvang. Ei bedrift å vera stolt over, seier Solfrid.

Seinare vart det 26 år i heradet. Ho har vore innom dei fleste etatar ein har i Ullensvang, og veit difor mykje om det interne livet der ho er ordførar. Ho har også vore aktiv i mange organisasjonar i kryssingspunktet mellom distrikt, kultur, språk og samferdsle. Eit døme på det var prosjektet Diktarvegen.

– Kvifor dette engasjementet?

– Fordi det er interessant, lærerikt og spanande å vera med.

– Kva drøymer du om?

– «Det er den draumen me ber på», og den vil eg bera for meg sjølv, seier Solfrid bestemt.

Ein kan berre tippa at både frukthagen, Ullensvang og nynorsken er ein del av den draumen.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er ingenting som er så flott som når kommunane klarer å gjennomføra nynorsk i alle ledd.



Vil styrke nynorsken

Språkval 2013



Foto: Venstre

Me utfordrar partileiarane på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013.
1 dag: Trine Skei Grande

Venstre-leiar Trine Skei Grande vil ta i bruk nynorsk i fleire fag enn berre norskfaget.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
juth@norsk-plan.no

– Kva blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet i 2013?

Det kjem nok til å handle mykje om nynorsk og karakterar i skulen.

– Kva blir den viktigaste nynorsksaka?

Eg trur det generelt kjem til å handle om nynorsken si stilling. Om me skal styrke eller svekke ho. Venstre vil styrke stillinga gjennom mellom anna å ta i bruk nynorsk i fleire fag enn berre norskfaget.

– Kva tenker du om framtida til sidemålet og sidemålskarakteren?

Dersom me får ei mørkeblå regjering av Høgre og FrP, kan det sjå mørkt ut. I ei blågrøn regjering kor Venstre

får påverknad, vil sidemålet verte styrka og karakter i sidemål framleis vere tilfelle. For oss handlar det om språkleg fridom og mangfald. To målformer er ein fordel etter Venstre sitt syn.

– Kva tenker du om framtida til mållova?

Venstre har ikkje planer om å endre mållova, men vi registrerer at Høgre har teke til orde for ei oppmjuking.

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorsk kommunane framover?

Eg trur dei kan ha store fordelar ved å profilere seg som noko anna enn ein vanleg kommune. Utfordringa deira ligg i kva som skjer med sidemålet framover. Det har dei høve til å påverke gjennom å setje nynorsksaka på dagsordenen.

– Korleis påverkar språksakene eit eventuelt regjerings-samarbeid etter valet?

Det er som kjent usemje blant dei borgarlege partia om stillinga til nynorsken. Men vi plar å verte samde. For Venstre er det viktig å verne om nynorsk og å syte for at nynorsk vert teken i bruk, til dømes i fleire fag i skulen.

Medlemsfordelar for deg med offentlig tenestepensjon i KLP

Skadeforsikring: Bil, hus, reise m.m.

- Konkurransedyktige og stabile prisar.
- Gode forsikringsvilkår – den raskaste bonusoppteninga i marknaden.
- Raskt skadeoppgjering.

Fondssparing

Det rimelegaste kombinasjonsfondet i marknaden. Fondet passar for deg som sparer langsiktig (+5år) og ønskjer lågare risiko enn aksjefond. Årleg kostnad berre 0,25 %.

For meir informasjon om medlemsfordelane gå til klp.no/medlem eller send sms med kodeord **Klpmedlem** til 2262.

Banktenester

- Svært god rente frå første krone på spare- og brukskonto.
- Gebyrfrie varekjøp og minibankuttak.
- Gode vilkår på lån med sikkerheit i bustad.
- Vi tilbyr bustadlån, bustadkreditt og Litt Extra (til dei over 60 år).

Sjå kva du vil få i pensjon

– logg deg på **Min Side** på klp.no og få oversikt i dag!

klp
for dagane som kjem

Klarspråk i kommunane



ENKLARE: Leiar i Kommunik, Guro Hegna Svendsen (t.v.) trur prosjektet skal gje enklare språk i kommunar og fylkeskommunar. Her saman med kommunikasjonsrådgjevar Julie Brodtkorb. Foto: Kommunik

No kjem klarspråksprosjektet til kommunar og fylkeskommunar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
juth@norsk-plan.no

– Me håpar kommunar og fylkeskommunar skal lære av dei erfaringane ein har gjort seg i det offentlege klarspråksprosjektet, seier leiar i Kommunik, fagforumet for informasjons- og kommunikasjonsarbeid i kommunar og fylkeskommunar, Guro Hegna Svendsen.

Svendsen er også kommunikasjonssjef i Buskerud fylkeskommune.

Klarspråksprosjektet er sett i gang for å få eit enklare og meir brukartilpassa språk i kommunar og fylkeskommunar.

– Den største utfordringa mange kommunar har, er å snakke slik at folk forstår dei. Kunsten er å snakke til folk i staden for å snakke over folk, seier Svendsen.

Ho meiner ein treng ei bevisstgjering rundt klart språk for å gjere informasjonsflyten frå kommunane tydelegare.

Mange vegrar seg mot å kvitte seg med det vanskelege fagspråket og meiner dei mistar integritet ved å snakke enklare. Eg meiner det er stikk motsett, at det er ein siger dersom ein klarer å snakke tydelegare og enklare.

Det er Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) som har administrert det statlege klarspråksprosjektet. Difi viser til at statlege organ ofte må handtere komplekse saker, og at det difor kan vere mange grunnar til at dei må bruke omtrentlege uttrykksmåtar.

– Men i dei aller fleste tilfelle har styresmaktene alt å vinne på å uttrykke seg klart og begripleg. Klarspråk hjelper bodskapen fram. Det viktigaste er at teksten er tilpassa mottakaren, skriv dei på nettsidene sine.

Klarspråksprosjektet i kommunar og fylkeskommunar er eit samarbeidsprosjekt mellom Kommunik, Forum for offentlig service og KS. Målet er at ein etter kvart skal etablere nokre pilotprosjekt i utvalde kommunar.

– Eg håpar me har fått konkretisert prosjektet i løpet av hausten, seier Guro Hegna Svendsen.



Nynorsk i opplæringa

Kvalifiserer lærarar til å bli ressurspersonar i nynorskopplæringa!

Nettstudiet Nynorsk i opplæringa er primært vidareutdanning for lærarar, men er ope for andre interesserte. Studiet gjev kunnskap om og innsikt i god nynorskopplæring og dei didaktiske moglegheitene som ligg til faget. Studentane vil bli betre kvalifiserte til å undervise i nynorsk både som hovudmål og sidemål.

Studiet er eit reint nettstudium utan samlingar. Det er sett saman av to emne på 15 studiepoeng kvar, eitt i haustsemesteret og eitt i vårsemesteret.

Opptakskrav: 30 stp. norsk, fullført norsk 1 eller lærarutdanning

Kontakt: fagansvarleg Anne Steinsvik Nordal | Tlf.: 70 07 51 97 | anneno@hivolda.no

Søknadsfrist: løpande opptak

Studiepoeng: 30/2 semester (deltid)

Søknadskode: 4070 i lokalt opptak

Les meir på: www.hivolda.no/nio

HØGSKULEN I VOLDA



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

SPRÅKRÅD

Lærelyst for nynorsk

«Nynorsk er det største tullet jeg noensinne har vært borti, hvorfor har ingen kommet med forslag om valgfrihet før nå? Jeg vil gjerne ha muligheten til å fjerne nynorsk karakteren min fra vitnemålet, kunne heller hatt bilde av en ku på vitnemålet, enn nynorsk.»

Slik lyder ein av fleire hundre kommentarar på VG-nettet etter at Atle Hamar hevda i ein kronikk at det berre er nynorskfolk som det er lov å diskriminera i Noreg. Som ein annan uttrykte det: «Ikke alle sitter i skauen med nisselue og heier paa Ivar Aasen!» Så Hamar makta ikkje å dempa skammkallinga.

Kva skal me gjera for at fleire får forståing for og lyst til å skriva nynorsk? Det er iallfall viktig å formidla at nynorsk er eit vanleg språk, godt brukande på alle livsområde, ikkje eit slag merkeleg fjøsl-atin. Får vi ikkje fram den bodskapen, blir nynorskinnlæringa fort ei plage. Dersom fleirtalet av norske elevar synest nynorsk er pyton, verkar det i lengda inn på korleis dei 13 prosentane som skriv nynorsk, ser på seg sjølve. Ei undersøking i 2010 synta at mange nynorskelevar skreiv bokmål når dei var på Facebook eller andre sosiale medium. Dei ville ikkje stikka seg ut med å skriva dette lågstatusspråket.

Eitt tips til skulen kan vera at også sidemålsellevane får begynna tidleg å lesa og skriva nynorsk. Eit anna tips kan vera å bruka stoff som er skrivne av populære artistar og kjendisar. Eit tredje poeng kan vera at i staden for å skriva tradisjonelle oppgaver eller driva med utfyllingsoppgaver kan elevane i første omgang få leika seg med å skriva nynorsk på Facebook, dei kan parvis få i oppgåve å laga eit ordsifte på e-post, dei kan laga debattinnlegg til Norsk Barneblad eller lokalavisa, dei kan laga teikneseriestriper med tekstbobler eller skriva dikt eller rapp på nynorsk. Det å skriva litt nynorsk ofte er nyttigare enn å skriva ein lengre tekst ein sjeldan gang. Derfor kan de lærarar gjerne oppfordra elevane til å skriva ein blogg på nynorsk, anten privat eller på nettet.

Men same kor ein snur og vender det: Det kjem fyrst og fremst an på læraren og kva holdningar og engasjement han eller ho formidlar. Har elevane dine nynorsk som hovudmål, minn dei på for eit flott språk dei får med seg, og kvifor. Og har elevane dine nynorsk som sidemål: Ta med sidemålssaka når de diskuterer toleranse og diskriminering!

Det å skriva litt nynorsk ofte er nyttigare enn å skriva ein lengre tekst ein sjeldan gang

97

kommunar deltek i det nasjonale dagnadslaget for kulturarven

Bli med på årets viktigaste møteplass for kulturarven i Oslo 13-14.juni 2013. Påmeldingsskjema på våre nettsider www.kulturarv.no



– Eg meiner det er viktig å setja kulturarven vår høgare opp på den politiske dagsorden. Dette er med å gje grunnlag for verdiskaping og god omdømmebygging. Eg oppmodar alle kommunar om å samarbeida med Norsk Kulturarv.

Ordførar i Hol kommune, Tony Arild Kjøll

Sjekk om din kommune er med på våre nettsider. Hol kommune er med i både LNK og Norsk Kulturarv.



– Treng ein ny språkpolitikk

Marit Aakre Tennø er vald som ny leiar i Noregs Mållag.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Eg gler meg til å arbeide for at nynorskelevane skal bli trygge i sitt eige språk, seier Marit Aakre Tennø, nyvald leiar i Noregs Mållag.

– Me treng ein heilt ny språkpolitikk, som har som mål å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål. I dag finst det ingen politikk for å hindre eit slikt språkskifte, seier ho.

– Språkpolitikken må gjere elevane medvitne om kva utfordringar som kjem til å møte dei som brukarar av eit mindre brukt språk, og styrkje den språklege sjølvkjensla deira, seier Marit Aakre Tennø.

Ho meiner vidare at ein må styrke elevane i bruken av nynorsk.

– Ei opplæring i nynorsk som hovudmål må ta omsyn til dei særlege utfordringane til



NY LEIAR: Marit Aakre Tennø gler seg til å ta fatt på nye oppgaver som leiar i Noregs Mållag. Foto: Toynti Tobekk

nynorsken som mindre brukt språk for å hindre språkskifte. Mindre bokmålsseksponering er mellom føresetnadene som må på plass.

Eit offensivt landsmøte i Mållaget har vedteke at vi vil ha ein eigen nynorskdidaktikk for opplæring i nynorsk som hovudmål, og at hovudmålet må følgje eleven gjennom heile grunnskulen. Dette er viktige steg på

vegen mot ei heilt ny tilnærming til utfordringane for nynorsken.

Marit Aakre Tennø bur i Luster i Sogn og Fjordane og kjem frå Brattvåg på Sunnmøre.

Resten av det valde styret ser slik ut: Sigbjørn Hjelmbrække, nestleiar (Bø i Telemark), Janne Nygård (Oslo/Jølster), Terje Kjøde (Ørsta), Sveinung Rotevatn, (Oslo/Eid) og Helga Hjetland (Kyrkjebø).

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det LOs største forbund, på veg mot 340 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem. Send **Fagforbundet medlem** til **1980**



omtanke solidaritet samhold

 **FAGFORBUNDET**



Agnes Landstad
Direktør Vestlandsforskning

Foto: Vestlandsforskning

PÅ KOMMUNEVIS

Noreg treng ein regional politikk for forskning

Regjeringa har lagt fram fleire stortingsmeldingar som seier noko om kva kunnskap betyr for samfunnsutviklinga. Men kvar er politikken for å ta heile landet i bruk?

Den offentlege finansieringa av forskning i Noreg er sterkt sentralisert. I 2010 gjekk 92 prosent av forskingsmidlane som Noregs forskingsråd tildeler, til forskingsmiljø i Oslo-området, Bergen, Trondheim og Tromsø. Sjølv om 70 prosent av all næringsverksemd og offentleg tenesteproduksjon går føre seg utanfor storbyregionane, går berre 8 prosent av forskingsmidlane til desse delane av landet.

FAGLEG FORNYING OG VIDAREUTVIKLING av FoU-miljø utanfor sentera blir utfordrande. Dei regionale forskingsinstitutta har låge basisløyvingar frå Forskringsrådet. Forskringsmeldinga signaliserer at politikken overfor dei regionale institutta ligg fast, trass i at evalueringa av institutta tilrår høgare basisløyvingar og like vilkår med nasjonale institutt. Dette reduserer også effekten av viktige regionalpolitiske program som Arena, NCE, VRI og regionale forskingsfond, som er innretta til å hauste frå desse kunnskapsmiljøa.

Fysisk nærleik inneber også kulturell nærleik

Regionalmeldinga peikar på at «Fysisk nærleik til FoU-miljø og andre verksemder er viktig, men viktigast er tilgangen til rett kompetanse» (s. 92). Det er vi samde i. Samtidig er det ingen motsetnad mellom fysisk nærleik og rett kompetanse. Fysisk nærleik inneber også kulturell nærleik; felles referanseramme, omgrepsapparat osv.

EI NYLEG FRAMLAGD EVALUERING viser at oppdragsgjeverar opplever like god fagleg kvalitet og relevans hos dei regionale institutta som hos nasjonale forskingsinstitutt, trass i at dei regionale institutta har mindre ressursar til fagleg oppdatering enn dei nasjonale. Evalueringa finn at hovudutfordringa framover vil vere å utvikle meir robuste fagmiljø med god vitenskapleg kvalitet. Dette er utfordringar som alle kunnskapsmiljø lokalisert utanfor universitetsbyane opplever.

Dess meir kunnskapsbasert Noreg blir, dess sterkare krav blir stilte til samheng mellom nærings-, utdannings-, forskings- og regionalpolitikk. Mitt inntrykk er at regionale styresmakter ser denne utfordringa og er klar til å ta eit større ansvar for utvikling av regionale kunnskapsmiljø.

Dette er eit utdrag av ein kommentar som tidlegare har stått på trykk i Bergens Tidene.

Frode Sulen (Ap) er ordførar i Sauda.



Det er 19 folkevalde i kommunestyret i Sauda: Arbeiderpartiet 8, Kristeleg folkeparti 1, Høgre 4, Senterpartiet 2, Framstegspartiet 1, Sosialistisk venstreparti 1 og Venstre 1.

Sauda kommune er ein kraft- og industrikommune inst i Ryfylke. Sauda kommune er den nordlegaste kommunen i Rogaland og grensar til Etne, Vindafjord, Suldal og Odda.

Sauda smelteverk er den nest største arbeidsplassen i Sauda, etter kommunen. Smelteverket høyrer til det franske selskapet Eramet og produserer i dag FeMangan.

Hovudsentralen til Statkraft region sør ligg i Sauda.

Kommunen hadde 4745 innbyggjarar ved årsskiftet. Tettstaden i kommunen er Sauda, og det er her dei fleste saudabuane bur.

Sauda vidaregåande skule driv skule både i kommunen og i nabokommunen Suldal. Skulen driv også Topp Volley, eit landsdekkande skuletilbod for innandørs- og sandvolleyball.

Sauda kommune har dei seinare åra marknadsført seg som vinter-sportsstad, og kommunen har blitt ein attraktiv hyttekommune.

Sauda fekk bystatus i 1998.

Kjelder: Sauda kommune, Wikipedia, Sauda VGS



Illustrasjon: Gerhard Stoltz

ORDFØRAREN OM:

Språk:

Sauda er ein nynorsk-kommune. Eg sjølv skriv bokmål, men snakkar nynorsk.

Sosiale medium:

Vi fekk Facebook-side for ein måned sidan, og ho er det politisk sekretariat som styrer.

Kommunesamanslåing:

Skulle det skje, så meiner eg det er naturleg å sjå Sauda som ein del av Suldal, Vindafjord og Etne. Personleg jobbar eg ikkje for kommunesamanslåing, men for meir samarbeid.



I AKTIVITET: Det er mykje som rører seg i Sauda om dagen, både innanfor og utanfor rådhusveggen. Denne dagen får kommunehuset nye telefonar, og it-konsulent Jan Egil Årtun (t.v.) lovar å setje ordførar Frode Sulen godt inn i korleis dei verkar. Foto: Toyni Tobekk

Treng endring

I Sauda har dei hatt nokre friske rundar på eigedomsskatt i vinter.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Kommunen har hatt eigedomsskatt på verk og bruk og eigedomar i bymessige strøk, i praksis alt unntatt hytter, i mange år. I vinter vedtok kommunen at alle eigedommane skulle retakserast, og då det var 22 år sidan sist dette skjedde, så vart taksten for dei fleste mange gonger høgare enn i dag.

Det var ikkje det som var hensikta med retakseringa, og det gjekk sjølvstendig ikkje upåakta hen. Innbyggjarane har ikkje lagt skjul på meiningane sine i saka, verken på Facebook, i media eller på den politiske arenaen.

– Når summen vart så mykje høgare på takseringane, så gjekk vi ned frå ein skatt på 7 promille til 4 promille, seier ordførar i Sauda, Frode Nilsen.

Men framleis vart skatten monaleg mykje høgare enn tidlegare, og kommunen enda opp med å setje han ned til 2 promille, noko som har gått betre heim hjå innbyggjarane.

Samstundes foreslår eit fleirtal i kommunestyret å innføre eigedomsskatt i heile Sauda frå 2014, noko som gjer at også hytteeigarane må byrje å betale ein slik skatt.

LIKAR DET IKKJE

– Vi har fått reaksjonar frå hyttefolket, ja, seier Sulen. – Eg har mellom anna forstått at somme trugar med å boikotte handelsstanden i Sauda. Eg forstår at dei reagerer, men eg vonar verkeleg ikkje vi får nokon boikott.

Sulen meiner sjølv at ei utviding av eigedomsskatten er rettferdig.

– Sauda kommune er ein omstillingskommune, og vi treng pengane. Dette er den einaste skatten som går rett til kommunane.

Det er no sett i gang arbeid med å taksere alle hytter, og dette skal gjerast i løpet av 2013. Men avgjerda om å innføre ein slik skatt i heile byen er ikkje endeleg teken, det blir gjort i samband med budsjetthandsaminga til hausten.

BLIR FÆRRE

Som omstillingskommune er Sauda kommune no godt i gang med å slanke det kommunale apparatet. Kommunen har hatt gode kraftinntekter over lengre periodar, og tenestetilbodet har bore preg av ein romsleg økonomi. Kommunen trong likevel rasjonalisere og få budsjetta i balanse. For tre år sidan bestemte dei seg for å ta tak, og Sauda har i løpet av dei to siste åra teke vekk 20 årsverk og spara inn 20 millionar kroner. Enno skal 10 årsverk vekk, og ordførar Sulen medgjev at innbyggjarane nok har fått merke at stoda har blitt ei anna.

– I Sauda har vi opp gjennom tidene vore vane med at kommunen og smelteverket skulle ordne opp i det meste, seier Sulen.

OPTIMISME

Slik er det ikkje lenger. Kommunen, som fekk bystatus i 1998, kan ikkje lenger berre leve på industrien. Sauda har ikkje fødselsoverskot gjennom året, og folketallet fell. Men det er gode krefter i sving, mellom anna gjennom prosjektet Adresse Sauda, som har som føremål å få unge folk til å flytte heim. Det å finne og synleggjere attraktive arbeidsplassar er ei utfordring kommunen jobbar med kontinuerleg, lovar ordføraren. Kommunen har dessutan fått statlege omstillingsmidlar, som utgjer 2 millionar kroner i året, i tre år. Dette er pengar som skal brukast til å utvikle nye og eksisterande arbeidsplassar.

Og optimismen og framtidstrua er stor. Kommunen har nyleg vedteke å byggje eit utebad i tilknytning til symjehallen og elva. Utandørsbadet blir ein slags slektning til det tidlegare utebassenget som i si tid vart reist i tilknytning til smelteverket, som så mykje anna i Sauda. Badet har ei kostnadsramme på om lag 17 millionar kroner, og kommunen har løyvd halvdel, altså 8,5 millionar kroner, under føresetnad av at resten blir finansiert privat eller på andre måtar. Kommunen har i tillegg nyleg vedteke å ruste opp det gamle Folkets hus slik at det kan fungere som kulturhus i Sauda, og med det gje kommunen ei etterlengta storstove for alle dei frivillige kreftene som finst i byen.

UT I REGIONEN

Sauda ligg plassert inst i Saudafjorden og har vegsamband mot Røldal i aust og mot Suldal og Vindafjord i sørvest. Ein gammal framtidstraum som ordførar Sulen kunne tenkje seg å blåse liv i, er vegutløysing mot Etne i Hordaland. Ein ny tilkomst nordvestover med tunnel gjennom fjellet til sunnhordlandskommunen vil gjere vegen til Haugesund og haugalandregionen monaleg kortare, og ein haugesundstour vil ta 65 minutt, mot 105 minutt i dag. Det vil opne for ein heilt ny arbeidsmarknad for saudabuane, meiner Sulen. Ein sprekare og kortare veg vil dessutan gjere livet lettare for næringslivet, som er avhengige av gode transporttilhøve ut og inn av kommunen.

Det har vore stilt rundt desse vegplanane ei stund no, men Sulen fortel at dei no har sett ned ei gruppe som skal jobbe med å få dei opp på bordet att. Han har hatt to møte med Vegvesenet i Haugesund, og han jobbar no for å få teke saka opp i det interkommunale selskapet Ryfylke IKS.

– Dette må vi jobbe for. Denne vegen er viktig for oss i Sauda, avsluttar Frode Sulen.

Nytt liv i Folkets hus



NY GIV: I glansdagane til Folkets Hus var her dans minst to gonger i veka. Kultursjef Åshild Øverland gler seg til huset er rehabilitert. Foto: Toyni Tobekk

Sauda er ein av dei få industristadane som framleis har eit folkets hus ståande. No skal Folkets Hus bli kulturhus i Sauda.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det stolte bygget er eit landemerke i Sauda. Midt i byen ligg den gule klossen, nøyaktig slik han vart reist i 1931. Den gongen skulle bygget stette behova industriarbeidarane hadde for rekreasjon, kultur og debatt. Men Sauda er ikkje det industrisamfunnet det var då, og i takt med tida har bruken av huset vorten mindre og har endra karakter.

Det vil seie, Folkets hus har faktisk fungert som eit lite kulturhus i mange år no. Her har kulturskule og lokale lag hatt øvingar, og mange kulturarrangement vert haldne her. Men huset tilfredsstillte ikkje dagens krav til tilgjenge, lyd og scene, og kommunen har i mange år jobba med å få seg eit skikkeleg kulturhus. Det skal det no bli orden på.

BYGGER PÅ

– Det er Sauda fabrikkarbeiderforening som eig huset i dag, og Sauda kommune har leigd det i mange år. No ønskjer ikkje foreininga å eige bygget lenger, og kommunen skal få kjøpe det for 1 krone, seier kultursjef Åshild Øverland.

Ho gler seg stort over at Sauda no omsider får sitt eige

kulturhus, og legg ikkje skjul på at ho er svært fornøgd med at det vart Folkets hus kommunen til slutt landa på.

– Det er kjekt å kunne foreine dei historiske røtene i Folkets hus med samtida i eit nytt kulturhus. No skal vi få til eit funksjonelt brukshus, seier ho og forklarar:

Kulturhistorisk er bygget godt bevart, men rehabilitering er nødvendig. Det er heller ikkje tilgjengeleg for til dømes rullestolbrukar. Trappegangane og salane kan ein ikkje gjere mykje med, for då vil ein øydeleggje det originale byggverket, og det er tiltak som ein verken kan eller har lov til å gjere i eit bygg som i praksis er verna.

For å bevare og samstundes utvide brukshøva i Folkets hus vil ein derfor byggje eit heilt nytt tilbygg på sida av huset. I tilbygget blir det sett opp heis som gjev tilkomst til 2. etasje og hovudsalen. I tillegg blir det ulike øvingsrom og ein ungdomskafé i nybygget. Å flytte Frivilligsentralen til Folkets hus er også ein idé som har kome opp.

Scena i hovudsalen er ikkje stor nok etter dagens krav, men dei unike veggmaleria som finst på sidene av scena, gjer at ei forlenging den vegen er uaktuell. I staden vil scena bli forlengd ut i salen.

SER DET UNIKE

Det skal også gjennomførast andre tiltak, som handicapptalett og brannsikring, og bygget må få ei meir moderne form for oppvarming.

I all hovudsak skal likevel Folkets Hus framstå i si originale form. Kultursjefen ser at ein også i framtida vil måtte nytte andre bygg til arrangement som blir for store for Folkets Hus.

– Vi vil ikkje kunne stette alle behov i framtidige arrangement, seier Øverland. – Men vi ser også at mange artistar som kjem til Folkets Hus i dag, ser det unike i dette bygget og toler at alt ikkje er i samsvar med moderne krav.

LANGE RØTER

Det er mykje historie som sit i veggene her. Saman med Allmannajuvet, kraftstasjonane,



HISTORISK: Storesalen er rikt dekorert med veggmaleri av kunstnarane Ragvald Eikeland og Håkon Landa.



ORIGINALT: Huset står i si opphavlege form, både inne og ute. Til og med koppar og kar står slik dei ein gong vart plasserte der.

smelteverket – som framleis er i full drift –, Åbøyen – kor dei tilsette på smelteverket budde –, og Sauda Klubb – som funksjonærane frekventerte – ilustreerer Folkets Hus det som har forma Sauda så sterkt: Den fattige jordbruksbygda som i løpet av ein tiårsperiode gjennomgikk ei eksplosiv utvikling mot eit rikt og kraftfullt industrisamfunn. Utbygginga av Saudefaldene starta i 1913, og i 1923 starta produksjonen på smelteverket for fullt. – Heile samfunnet vart snudd på hovudet, og innbyggjarane fekk vere med på å byggje opp det nye Sauda-samfunnet frå botnen av, fortel Øverland. – Historia om Sauda representerer ein svært viktig del av noregshistoria, og Sauda vart med på dugnad viss det skulle vere behov for det.

VILJE I FOLKET

Tanken om å få eit kulturhus i Sauda har levd i fleire tiår, og ulike løysingar har vore vurderte og forkasta. No når kommunen har samla seg om å ta i bruk Folkets Hus som sitt nye kulturhus, gjer det også utviklingsarbeidet

mykje lettare, påpeiker Øverland. Det har ikkje vore lett å søkje om midlar til drift og utvikling så lenge ein ikkje har hatt ei permanent løysing å vise til. No har kommunen sjølv løyvd 20 millionar kroner til nybygg og renovering, og så må ein ut og skaffe dei resterande 10 millionane ein reknar med må til for å kome i hamn, frå andre kjelder. Øverland trur viljen til å støtte opp om huset i aller høgste grad er til stades i Sauda. Sjølv om ikkje alle har dei same kjenslene til den rørsla som i si tid bygde huset, så ønskjer folk at det skal vere eit kulturhus i byen. At ein skal klare å stable på beina dei midlane som trengst, ser ho derfor ikkje mørkt på. Folk har endåtil kome og bydd seg å vere med på dugnad viss det skulle vere behov for det.

– Vi har vore gjennom fleire lange prosessar, og folk har vorte skuffa før. Med denne avgjerda om å satse på Folkets Hus kan vi omsider byrje å prosjektere. No er det viktig å komme i gang.

startside /
www.startside.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida

Startar med snøbrett

Frå hausten av utvidar Sauda vidaregåande skule tilbodet med ei heilt ny ski- og snøbrettlinje. Her skal elevane få opptil 12 timar i veka på ski og snøbrett så lenge det er snø.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Initiativet til denne linja kom fordi skulen opplevde ein nedgang i elevtalet på skulen generelt og til idrettsfag spesielt. Ski- og snøbrettlinja blir ein del av tilbodet på idrettsfag. Nedgangen til idrettsfag er gjennomgåande for heile Rogaland, og avdelingsleiar Svein Einar Nordvik seier dei ønskte å gjere noko med denne trenden.

SNØ EIT FORTRINN

– Målet var å auke tilstrøminga til idrettsfag og samtidig auke importen av elevar inn til regionen vår. Vi måtte då satse på noko som dei andre idrettslinjene i Rogaland ikkje kunne konkurrere med oss på, og då måtte det bli noko med snø og fjell. Vi var i tillegg kjende med at ungdommar både frå Haugalandet og sørfylket kjem til Sauda for å boltre seg i Sauda skisenter i Svandalen, så valet fall derfor på ei ski og snøbrettlinje.



AKTIVT: Full fart i skitrekket i Sauda blir ein vesentleg del av aktiviteten på ski- og snøbrettlinja. Utanom vintersesongen blir det meir basistrening.

Foto: Ola Skipevåg

Og det er han glad for. I dag har dei 24 søkjarar til idrettsfag. Av desse søkjarane er halvparten ungdom frå Haugalandet og sørfylket, medan fire av elevane kjem frå andre fylke.

– Det er vi godt nøgde med, seier Nordvik.

No satsar dei på å levere eit så godt produkt første året at

søkinga blir enno betre neste år. Målet er å få 20 elevar frå andre stader enn Sauda kvart år.

ALLE MÅ MED

– Med tanke på at desse elevane blir i Sauda i 3 år, så vil det bli ein god tilvekst både til Sauda vidaregåande og til saudasamfunnet elles. Skal vi klare dette, vil vi

trengje gode samarbeidspartnarar også utanfor skulen. Vi tenker da på bustader, treningsfasilitetar og fritidstilbod.

Skulen har så langt fått gode tilbakemeldingar frå mellom andre kommunen, vekstselskapet, skisenteret og eit treningssenter som alle er innstilte på å hjelpe til.

– Når det gjeld rekruttering av lærarkrefter med bakgrunn frå ski og snøbrettmiljøet, er vi også her svært optimistiske, seier Svein Einar Nordvik.

På utvida heimekontor



UAVHENGIG: Tor Johne Åbø meiner han skjøttar jobben i Stavanger like greitt frå distriktskontoret i Sauda. Og må han til byen, går det greitt å køyre på dagen.

Foto: Toyni Tobekk

Kva gjer ein når arbeidsplassen ligg 2 timar i bil og eit par ferjer heimafrå? Ordnar seg med eit fleksibelt heimekontor saman med andre.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Arbeidsplassen til Tor Johne Åbø ligg i Stavanger. Men han gjer jobben like greitt frå Sauda.

– Det fungerer veldig bra, seier han om løysinga han og fleire med han no har fått gjennom eit kontorfellesskap i Sauda. Åbø og familien er busett i heimbyen Sauda, og han jobbar i selskapet Apply Oil & Gas i Stavanger. Tidlegare jobba han offshore, med lange periodar heime. Men då han skulle byrje å jobbe på kontoret på land i staden, så vart situasjonen noko annleis. Skulle

han sitje på eit kontor mange mil heimafrå, måtte han anten til med ei svært lang dagpendling eller få seg husvære i Stavanger og vekependle. Det vart det siste, men det var ikkje særleg praktisk å leve 4 dagar i veka så langt heimafrå.

Då fekk han eit tilbod verken han eller arbeidsgjevaren ville seie nei til.

– Eg kom i kontakt med nokon som ville bygge opp eit kontorfellesskap for slike som

meg, og det høyrdest interessant ut. Arbeidsgjevaren min syntest det same, og eg fekk beskjed om å tinge to kontor med opsjon på to til.

GODT Å SLEPPE

Fleire selskap signaliserte at dette var ei løysing dei var interesserte i, og utbyggjaren kunne gå i gang. Kontorplassane vart etablerte i eit forretningsbygg midt i Sauda, og der sit no Tor Johne og 8 andre i det han kallar «eit slags heimekontor». For her er han nær heimen, så nær at han ikkje treng pendle, han har alt han treng for å gjere jobben sin, og han får snart tre kollegaer inn til Sauda. Det fungerer utmerka, synest både han sjølv og arbeidsgjevaren.

– Dette er ikkje ein ny avdeling av Apply, men det er eit høve for nokon av oss som jobbar i firmaet, til å kunne sleppe å pendle. Og for dei eg jobbar opp mot, både kundar og offshore, betyr det lite om eg sit her eller der og jobbar.

AVGJERANDE

Framleis reiser han til byen ein dag og to i veka for å møte kundar og kollegaer. Viss det trengst,

greier han fint å hive seg i bilen og kome seg til Stavanger i løpet av føremiddagen for eit møte og så vende nasen heim att på ettermiddagen. Og det trass i at vegane ikkje alltid er like farbare, verken til lands eller på vatnet. I vinter har til domes Saudafjorden vore islagt ganske lenge, noko som har gjort at hurtigbåten ikkje kunne kome seg inn til Sauda.

– Eg har aldri blitt hindra i å reise på dei åra eg har jobba i Stavanger. Vi lar oss ikkje stoppe av litt is eller stein frå fjellveggen, ler han.

No gler han seg til å få fleire medtilsette inn her, samstundes som det allereie er eit positivt fellesskap med dei andre bedriftene som har etablert seg i kontorfellesskapet.

– Det at vi kan jobbe på denne måten, er jo svært positivt for Sauda-samfunnet, seier han. – Og for meg var det heilt avgjerande for at eg skulle kunne bli i den jobben eg har no.

Vaage får Nynorsk litteraturpris

Lars Amund Vaage er tildelt Nynorsk litteraturpris 2012 for romanen Syngja.

TOYNI TOBEKK

toyni@norsk-plan.no

Juryen legg vekt på at Vaage med denne boka har gjort noko han ikkje har gjort før, nemleg å bruke sine egne personlege erfaringar til å skildre oppveksten til ei autistisk dotter som ikkje evnar å uttrykke seg språkleg, i motsetnad til far sin, dikteren.

– Vaage klarer å skildre det spesielle slik at det verkar allment. Og det nesten umoglege: Korleis menneske eit stykke på veg kan forstå kvarandre utan å kunne kommunisere, seier juryen i grunngevinga.

OM MENNESKE OG KUNST

– Å skrive om ein person som ikkje kan møte det som blir sagt om henne, fordi ho er orddlaus, driv skrivaren til å reflektere over forholdet mellom kunstens oppgave og dei som blir skildra i kunstens namn. Slik vert dette også ein roman som inviterer til refleksjon over forholdet mellom ordkunst og røyndom, mellom to slags solidaritetar: til menneske eller til kunsten. Eller kanskje til begge. Og sjølv om dette langt på veg er ei autentisk historie, som er forfattarens eiga, så er det først og fremst ein roman, der fiksjonens grenser blir utforska. I romanen, som er eit ønske frå ein far om å skrive seg inn til dottera si, på å verkeleg sjå henne og gå i djupet av kjenslene sine for henne, ligg det og ei avstandstaking; det er orda som



VINNAR: Lars Amund Vaage får Nynorsk litteraturpris for romanen Syngja. Foto: Samlaget

skil dei, og det er gjennom orda han forsøker å nå henne, skriv juryen.

SONGEN

Juryen peikar også på at Vaage er ein av dei sikraste og finaste stilistane i Noreg i dag, og at han har ein musikalitet i språket som knapt nokon annan kan vise til. Og slik blir tittelen Syngja viktig. Det er ikkje minst gjennom songen at far og dotter kan møtast, som i den vakre sluttscenen der dei syng saman: «Min hatt den har tre kanter». Prisen er på 30 000 kroner og vart kunnngjord ved opninga av landsmøtet til Noregs Mållag. Det er Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget som deler ut Nynorsk litteraturpris. Han har blitt delt ut sidan 1982. Juryen for Nynorsk litteraturpris har i år vore Ove Lidvar Eide, Mari Moen og Ragnar Hovland.



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

TEATER

BERRE BABEL

Bestemora mi fekk aldri høyre ord som jettlag og Internett. Ho fekk aldri prøve dei heller, sidan profesjonelle fotballspelarar og fjernsynet knapt var oppfunne då ho levde. Slik er det berre. Ei ny tid, med olje og datateknologi og mykje anna nytt, skapar stadig behov for nye ord og omgrep som kan skildre nye og ukjende fenomen. Det som er merkeleg, er at vi treng nye ord for å skildre det vi allereie kjenner frå før, noko som minner om eventyret der keisaren trur han har fått seg nye klede, men så er han rett og slett naken.

Då eg var ferdig utdanna i middelalderen, var eg lektor med hovudfag i marknadsføring. Eg gjekk til og med på lærarskule, men dei finst ikkje lenger, trur eg. Det høyrdest ikkje særleg sexy ut å vere lektor lenger. No er det høgskule og universitet som gjeld, og du må helst ha ein master of business and administration om du vil bli general sales manager, eller kanskje du greier deg med ein bachelor om du vil bli key account manager, eller noko anna som krev at du kan drive med support eller coaching.

Men det er ikkje berre engelsk som gjeld, du skal helst bruke andre ord enn dei folk flest bruker, om du har noko å fare med, slik det var då vi laga hemmeleg språk som småungar, eit språk som berre eg og bestevenene mine forstod. Sidan språket, som vi kalla for norras, var hemmeleg og vi framleis liker å halde ting for oss sjølve, har eg berre fått løyve til å offentliggjere nokre få språkprøver her.

Vil du seie hei på norras, må du seie **harr**. Ja er **jara**, og nei er **gatt**. Kom inn er **akkadakk**, og gå ut er **jadas**. Skal du seie ha det, må du seie **sjong**, og skal du seie takk, må du seie **rada**. Tala frå ein til ti er **goss, eli, mongos, ala, novara, ikki, saa, mikka, lakk, rakkas**.

Liknande språk finn du til dømes på konferansar, eller seminar, som det gjerne heiter. Der går folk rundt og snakkar om multiplikatoreffektar, fasilitatorroller, nettverksalliansar, regionalutviklingsmidlar, globaliseringsperspektiv og gud veit kva dei har for seg av innfløkte tema. For å bote på språkforvirringa har eg laga ei liste som kler karnevalsdrakta av nyorda og forklarar kva dei eigentleg tyder. Det blir berre plass til eit kort utdrag her, i alfabetisk orden:

Bravida = Televerket. **Bring** = Postverket. **Chat** = tørrprat om ingenting. **Coach** = person som tek 3 000 kroner timen for å late som om han veit mykje meir enn deg, og for å gi seg ut for å vere bestevenen din. **Direktor** = overbetalt dagleg leiar. **E-mail** = sjå chat. **Facebook** = ei ekstrem utgåve av lokalavisa di. **Filofax** = dagbok med skryt av alt du har gjort og alle du har møtt det siste halvåret, og alt du skal gjere og alle du skal møte neste halvår. **Finanskris** = blakk. **Instragram** = sjå Facebook. **Karbohydrat** = sukker. **Kundeservice** = automatisk telefonsvarar. **LOL** = ler og ler (av absolutt ingenting). **Mentor** = sjå Coach. **Mesta** = Vegvesenet. **Nettverk** = menn som møtest i frimurarlosjen og på golfbana for å prate om korleis dei skal klare å karre til seg mest mogleg av det som tilhøyrer andre. **Næringshage** = ordinære kontorlokale i rådyre nybygg som blir leigde ut til skyhøge prisar. **Personal Trainer** = sjå Coach. **Postmodernismen** = 1980-talet og deromkring. **Seniorkonsulent** = overbetalt medarbeidar. **Servicetorg** = sjå Kundeservice. **Single** = einsleg som ikkje ønskjer å bli identifisert som einsleg. **SMS** = sjå Chat. **Strategiske alliansar** = sjå Nettverk. **Telenor** = sjå Bravida. **Tidsklemme** = dårleg samvit. **Time Manager** = sjå Filofax. **Trivselshage** = sjå Næringshage. **Twitter** = sjå Facebook. **Veidekke** = sjå Mesta.

Det høyrdest ikkje særleg sexy ut å vere lektor lenger.

Ryfylkedagane 7.-9. juni

Suldal skal laga ei festivalhelg med kultur, handel og gode opplevingar for alle aldrar.

Med blant anna:

- Stor marknadsdag i Sand sentrum
- Andaløp, vinn 30 000 kroner
- Veteranbilutstilling
- Jubileumsrevy
- Konsertar og underhaldning
- Offisiell opning av Høse bru
- Grilldag og storaurefestival

Du kan lese meir om detaljert program, overnatting og kontaktar for arrangementet på www.suldal-turistikontor.no

Velkommen - og bli med på folkefesten du og!

Ryfylkeogane Suldal Ryfylke

Nynorskpris til Folkestad

Nynorsk barnelitteraturpris 2012 vart tildelt Anna R. Folkestad for boka Unni og Gunni reiser.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Prisen er på 30 000 kroner og vert delt ut ved opninga av landsmøtet til Noregs Mållag. Juryen meiner at denne tilsynelatande enkle boka er eit viktig bidrag i norsk barnelitteratur gjennom måten ho introduserer forteljande dikting for dei yngste lesarane på.

–Vinnaren av Nynorsk barnelitteraturpris 2012 har skrive og illustrert ein ny biletbokserie for dei yngste lesarane som utgjer eit viktig bidrag innfor ein barnelitterær sjanger som lenge har vore prega av omsette bøker, heiter det i grunningveinga.

TYDELEG UNIVERS

–Ved å skape kvalitetsbøker for små barn viser forfattaren at ho



VINNAR:Anna Folkestad får Nynorsk barnelitteraturpris for boka Unni og Gunni reiser. Foto: Bodil Haga/Samlaget

tek denne lesargruppa på alvor, noko juryen meiner forfattaren skal ha heider for.

Med vinnarboka etablerer forfattaren eit særprege og tydeleg univers for dei yngste. Handlinga går føre seg i arktiske strok, med dei talande pingvinane Unni og Gunni som hovudpersonar. Desse karakterane er enkle, men likevel individualiserte, og den visuelle karakteriseringa framstiller også pingvinane med eit visst kjensleregister. Slik vert persongalleriet både oversiktlege og engasjerande for dei yngste lesarane.

I GOD TRADISJON

Handlingsstrukturen er enkel og tilpassa mottakargruppa: Bygd over det veletablerte barnelitterære mønsteret heime-borte-heime inviterer forteljinga lesaren med på Unni og Gunni si magiske reise på eit flygande teppe, ei reise som både er omgrepsutviklande og spanande på same tid. I god barneboktradisjon endar Unni og Gunni heime til slutt, om enn i ekte Janosch-stil slik vi kjenner den frå *Til Panama*,

til *Panama*. På denne måten formidlar boka at reisa heimafrå kan gje nye perspektiv på det vande. Vittige og overraskande poeng kjem fram gjennom eit vellukka samspel mellom tekst og bilete, som gjev rom for meddikting og fantasi, skriv juryen.

Juryen meiner at denne tilsynelatande enkle boka er eit viktig bidrag i norsk barnelitteratur gjennom måten ho introduserer forteljande dikting for dei yngste lesarane på. Også dei andre bøkene og appane om Unni og Gunni stadfestar inntrykket frå vinnarboka om at prisvinnaren har greidd å skape eit barnebokunivers med stort potensial.

Boka er gjeven ut på Det Norske Samlaget. Noregs Mållag har delt ut Nynorsk barnelitteraturpris sidan 1968. Prisen er på 30 000 kroner og ein diplom. I juryen har Anne Marit Godal, Arild Torvund Olsen og Anne Skarete sete.

SITATET:

– Vi gler oss særleg over den enorme nynorskveksten i NRK Super. Sidan 2010 har dei nær tredobla nynorskdelen sin.

Inger Størseth Haarr, nyvald leiar for Kringkastingsringen, til NPK.

Målprisen til Linda Eide

Til trampeklapp vart Linda Eide tildelt Målprisen 2013 frå Noregs Mållag under landsmøtet.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Nokre gonger dukkar det opp slike folk som gjer at me nynorskningar rettar ryggen og seier «sjå – han eller ho er ein av oss». Folk som er både kule og morsame på eine sida, men som med djupt alvor argumenterer for nynorsk når dei vert intervjuja i aviser og blad. Målprisvinnaren i år er ein slik person, sa Håvard B. Øvregård, leiar i Noregs Mållag.



SYNLEG: Vinnaren av Målprisen 2013, Linda Eide, er ein godt synleg nynorskprofil. (Foto: Margunn Sundfjord / NPK)

Juryen legg vekt på at Eide er uløysleg knytt til dialekta si og nynorsken. Ho er, trass i at ho har budd i Bergen i mange år, best kjend som vossing. Ho har vore nynorskprosenten på laurdagskvelden, og ho har formidla kvinneliv på Voss gjennom mor si, skriv dei. Dei viser også til at ho har gått frå å vere utskjelt for nynorskbruk i NRK Hordaland til å verte lovprisa tv-journalist i beste sendetid, på vossamål og på nynorsk.

Utan slike einskildpersonar som ikkje er redde for å dra fram dialekta si og nynorsken i ålmenta slik at alle kan sjå, og høyre, hadde ikkje alle me sete her, skriv juryen.

Sidan 1990 har Linda Eide vore programmedarbeidar i fleire avdelingar i NRK, mellom anna

i NRK P3 sidan opninga i 1993, i Norgessglasset på NRK P1 frå 1998 og i NRK Fjernsynet. Sist sett i Norsk attraksjon i beste sendetid på laurdagskveldane. Etter å ha ringt mor si i ti år for å grave etter gamalt nytt, og skrive om det, kom i fjor boka *Oppdrag Motto*. Målprisvinnaren skreiv som purung journaliststudent oppgåve om nynorsk på journalisthøgskulen, og ho har i intervju fortalt om korleis det var å bli fortald at ein skulle snakke bokmål i austlandsendinga og få telefonar med kritikk for nynorskvålet frå lyttarar.

Sunnhordland
MEDIETILBYR

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktlege
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

EKSTRA!
PROFILERING
PÅ FRAMSIDA
sunnhordland.no

17.500*
unike brukarar
169.000*
sidevisingar

* I snitt pr. veko



sunnhordland.no



Meir om grøn rente på
www.kommunalbanken.no

KBN Kommunalbanken
Norge

www.kommunalbanken.no



aktuelt: Håvard B. Øvregård



Foto: Noregs Mållag

Namn: Håvard B. Øvregård

Alder: 38

Yrke: Rådgjevar i Norges idrettsforbund

Aktuell: Gjekk nyleg av som leiar i Noregs Mållag

I front

medieoppslag og lokallagsbesøk, og eg trur dette har vore viktig for å få den medlemsveksten vi har opplevd siste åra. Eg har vore veldig oppteken av å vere eit positivt, tillitsvekkjande og synleg ansikt for Mållaget

– *Kva trur du blir den viktigaste oppgåva til Noregs Mållag framover?*

– Om det kjem eit regjeringsbyte til hausten, vil Mållaget si viktigaste oppgåve dei neste åra vere å sikre at dei nye regjeringspartia ikkje svekkjer vilkåra for nynorsk. Særleg gjeld dette to saker: sidemålet si stilling i skulen og reglane for bruk av nynorsk i staten.

– *Kva kjem du til å sakne mest med Noregs Mållag?*

– Mest vil eg sakne barnehageungane. Eg har vore i over seksti barnehagar siste åra, og eg kjem til å savne desse møta med barnehageborn; teljing på ulike språk, lesing av gode nynorske biletbøker og dei spennande og uføreseielege samtalanane med borna om språk. Gleda i auga til born som lærer eit nytt ord, er noko av det beste du kan oppleve.

– Eg kjem også til å sakne alle dei gode møta med lokale målfolk, alle dei kunnskapsrike, kloke, omsorgsfulle, kreative og trottige målfolka som eg har møtt rundt om kring i landet.

– *Kva er ditt beste råd til arvtakaren din?*

– Eg har frå eg vart vald første gongen, hatt nokre rettesnorar for arbeidet mitt. Desse håpar eg at også arvtakaren min kan ha nytte av. Dei er: vi skal vere meir positive enn negative, vi skal vere flinkare til å kome med løysingar enn til å peike på problem, vi skal gjere det lettare å bruke nynorsk, ikkje vanskelegare, vi skal fremje fleirkultur, ikkje trongkultur, vi skal ikkje jobbe for nynorsk åleine, men for språk generelt.

– *Du er bøgrepolitkar og nynorskmann. Det er ein kombinasjon som er i vinden for tida?*

– Ja, det er spennande kva som skjer med nynorsk og språkpolitikk i Høgre. Det vert kamp om både sidemålsordninga og mållova på Høgre sitt landsmøte 3.–5. mai. Eg gler meg over at stadig fleire høgrefolk kjem bort til meg på møte og seier at dei er einige med meg i sidemålssaka. Skal Høgre vere eit stort nasjonalt parti, må det også vere eit nynorskp parti.

– Eg er viss på at Høgre etter kvart vil snu i synet på sidemålsopplæringa. Det går ikkje an for eit kunnskapsparti å kjempe for at elevane skal lære mindre! Høgre sitt slagord i valkampen er at Noreg treng nye idear og betre løysingar. I sidemålssaka er det Noregs Mållag som har nye idear og betre løysingar, ikkje Høgre sin programkomité og andre som vil ha såkalla valfritt sidemål. Valfritt sidemål er ein gamal ide og ei dårleg løysing. Tidleg start med sidemålsopplæring er ein ny ide og ei betre løysing. Spørsmålet er veldig enkelt. Skal vi lære meir, eller skal vi lære mindre.

Når eg no går av som leiar i Mållaget, får eg meir tid til å drive politikk og valkamp for Høgre. Eg vil halde fram arbeidet med å endre Høgre sitt syn på sidemål, og eg brukar ikkje å gje meg før eg har lukkast.

– *Kva skal du gjere etter NM?*

– Frå første mai har eg auka stilling i Idrettsforbundet, der eg har hatt ei deltidsstilling heile tida eg har vore i styret i Mållaget. Eg er mellom anna ansvarleg for arbeid mot homohets, seksuell trakassering og overgrep, mobbing og rus. Det er antidiskrimineringsarbeid som har vorte fagdisiplinen min, og eg gler meg til å kunne konsentrerer meg om éin jobb for ei tid.

– *Kva blir den viktigaste utfordringa til nynorskkommunane framover?*

– Dei må setje krav om nynorsk. Krav til tilsette og søkjarar til stillingar, krav til brev frå staten, krav til lærarar i skule og barnehage, krav til norskopplæringa for vaksne innvandrarar. Når nynorskkommunar ikkje står på kravet om bruk av og kompetanse i

Erica Løfstrøm (f. 1978) debuterer med romanen Sex, musikk og vold. Ho er frå Sverige, men bur og arbeider i Trondheim.



Foto: Benedikte Skarvik

debutanten

Rommet pustar. Det er hjerteslag. Slumrar og kjenner tapetets struktur gripa etter meg.

Det Norske Samlaget 2013

nynorsk, så undergrev dei sin eigen eksistens.

– For halvtanna år sidan skreiv eg ein kommentar til LNK-avisa kalla Seks kommunale språkval. Denne oppmodar eg nynorskkommunar om å finne fram og lese igjen.

– *Korleis kjem det til å gå med sidemålet, trur du?*

– Eg trur sidemålet vil overleve. Det har vore ei utfordrande tid, men vinden har byrja å snu. Vi har forsøkt med tidleg start og med bruk av bøker på nynorsk i andre fag enn norsk som beviser at det er fullt mogeleg for bokmåselevar å lære sidemål på ein betre og meir effektiv måte enn det vert gjort i dag. I tillegg har vi fått fram den første forskinga – og meir vil kome – som seier at ein blir betre i språk generelt, og også i hovudmålet, av å lære å skrive både hovudmål og sidemål. Dei som argumenterer mot oss, har ingenting nytt å kome med, berre eit gammalt, populistisk og kunnskapsfiendtleg hyl om valfritt sidemål.

På sikt er eg sikker at fleirtalet vil erkjenne at det var Mållaget som hadde rett. Det er betre med språkmangfald enn språkleg einfald, det er betre å lære å skrive to norske språk, enn berre eitt. Kvifor lære mindre, når du kan lære meir?

Håvard B. Øvregård håpar han blir hugsa som ein av dei som berga sidemålet i skulen.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– *Korleis blir det å gå av som leiar i Noregs Mållag?*

– Kvardagen vert mykje rolegare, men samstundes mindre spennande. Det er eit krevjande verv som tek mykje tid, og det har vore viktig for meg å takke av i god tid før eg går lei eller slit meg ut. Eg har no vore leiar i fire år, og vi må meir enn førti år tilbake for å finne nokon som sat like lenge.

– *Kva er du mest nøgd med å ha fått gjennomført desse åra?*

– Den viktigaste saka har vore norskfaget og vilkåra for nynorsk og sidemål i skulen. Før det nye norskfaget er vedteke, kan eg ikkje vite kor nøgd eg er med innsatsen min, men eg håpar eg kan bli hugsa som ein av dei som berga og trygga sidemålet sin plass i skulen. Eg er svært stolt over dei to store kampanjane vi har hatt i min periode, barnehagekampanjen Gjennom ord blir verda stor og Nynorskstafetten i år. Aller mest nøgd er eg nok med korleis vi har løfta organisasjonen gjennom å vere synlege i media og ute i lokallaga. Det har sjeldan gått lang tid mellom kvart